


HALVÅRSSKRIFT FOR

PRAKTISK TEOLOGI

2-2002
LUTHER FORLAG



Øystein Bjørdal:

«*Så liflig vi leker for Herren...*»

Kari Leine Balog:

«*Mot = i bibel, teologi og i dag*»

Tor Thorbjørnsen:

«*Gudshistoriene ender alltid godt*»

John Steinar Jacobsen:

«*de preker lite om Jesus*»

Tore Skjæveland:

«*Kven prekar presten egentlig til?*»

Sverre Dag Møgstad:

«*Babette kan lage mat*»

Ex Libris

INNHOLD NR. 2/2002 – 19. ÅRGANG

- 1 Leder
- 2 Ad fontes:
- 3 Øystein Bjørdal: «Så liflig vi leker for Herren...»
- 13 Kari Leine Balog: Mat – i bibel, teologi og i dag
- 23 Tor Thorbjørnsen: «Gudshistoriene ender alltid godt»
- 35 John Steinar Jacobsen: «– de preker lite om Jesus»
- 45 Tore Skjæveland: Kven preikar presten egentlig til?
- 58 Sverre Dag Mogstad: «Babette kan lage mat»
- 69 Ex libris

Halvårsskrift for praktisk teologi

TILLEGGSHEFTE TIL LUTHERSK KIRKETIDENDE

ANSVARLIG UTGIVER Luther Forlag A/S

REDAKSJON Harald Hegstad (hovedred.), Stephanie Dietrich, Leif Gunnar Engedal, Marit Halvorsen Hougsnæs, Vidar L. Haanes, Kjell A. Nyhus, Finn Wagle

INTERNASJONALE

MEDARBEIDERE Sven-Erik Brodd (Uppsala), Gustav Björkstrand (Åbo), Esko Ryökäs (Helsinki), Hans Raun Iversen (København), Pétur Pétursson (Reykjavik), Christian Möller (Heidelberg), Richard Lischer (Durham, N.C. USA)

REDAKSJONENS ADRESSE Det teologiske Menighetsfakultet,
P.b. 5144 Majorstua, N-0302 Oslo. E-post: hpt@mf.no

REDAKSJONSSEKRETÆR Ellen Merete Wilkens Finnseth (redaksjon.lk@lutherforlag.no)

ABONNEMENT Bestilles fra Luther Forlag P.b. 6640 St. Olavs pl. N-0129 Oslo

Pris: Nkr. 90,- pr. år

Merk: Abonnenter på Luthersk Kirketidende får HTP inkludert i prisen

ENKELTHEFTER kan kjøpes hos Bok&Media, Akersgt. 47 N-0180 Oslo

FORFATTERINSTRUKS Manuskripter som ønskes antatt til trykking, bes innsendt til hpt@mf.no, samt papirkopi til ovenstående adresse. Lengden bør ikke overskride 15 sider. Noter plasseres som sluttnoter. Det utbetales ikke honorar, men forfatterne vil fritt få tilsendt fem eksemplarer av angjeldende hefte.

Variert meny

Halvårsskriftet bringer i dette nummeret en variert meny av ulike bidrag. Først i heftet bringer vi en artikkel av Øystein Bjørdal om liturgi og barn. Her understreker han barna som *dagens kirke*, og drøfter konsekvenser som dette utgangspunktet må ha for vår liturgiske praksis. En foranledning for artikkelen er utviklingen av en egen familiemesse som liturgisk forsøksordning i Den norske kirke.

Metaforen «meny» får en mer bokstavelig mening i en av artikkel av Kari Leine Balog om mat som teologisk tema. Her fastholdes på en direkte måte sammenheng mellom kristen tro og praksis og den menneskelige eksistens som en kroppslig eksistens.

Temaet for Tor Torbjørnsens artikkel er trosfortellinger. Artikkelen viser betydningen av slike fortellinger og gir kategorier til å fortolke dem.

De to neste bidragene dreier seg begge om forkynnelse. John Steinar Jacobsen presenterer i sin artikkel noen resultater fra en undersøkelse av radioforkynnelse i NRK. Det overraskende resultat er hvor liten rolle Jesus spiller i mange av andaktene. John Steinar døde i august i år, bare 53 år gammel, ikke lenge etter at han hadde fullført manuskriptet til artikkelen. Både som medkristen, som prest og teolog har John Steinar satt varige spor etter seg. Redaksjonen er glad for at vi på denne måten kan gi rom for noe av det siste han arbeidet med.

Mens Jacobsens kritiske perspektiv på forkynnelsen primært har et dogmatisk utgangspunkt, er Tore Skjæveland opptatt av hvilen adressat prester forutsetter i sine prekener. Hans undersøkelse av utvalgte høymesseprekener bør gi utgangspunkt til atskillig selvkritisk refleksjon omkring hvem vi egentlig mener å preke til, og om det er disse som faktisk er til stede under prekestolen.

Som dessert på vår meny kommer nok et måltidsrelatert bidrag, nemlig Sverre Dag Mogstads artikkel om Karen Blixens novelle «Babettes gjestebud». Artikkelen analyserer en litterær fortelling som deler klangbunn både med bibeltekstene og våre egne livs fortellinger.

Bon appétit!

HARALD HEGSTAD

AD FONTES

Jeg vet at alt det jeg vet ikke er Gud¹

Hedningen: Jeg ser at du har kastet dig til jorden i den dypeste hengivelse mens kjærlighetens tårer strømmer fra dine øine og jeg ser at denne gråt ikke er falsk, men at den kommer fra hjertet. – Så si mig: Hvem er du?

Den kristne: Jeg er en kristen.

Hedningen: Hva tilber du da?

Den kristne: Gud.

Hedningen: Og hvem er den gud du tilber?

Den kristne: Det vet jeg ikke.

Hedningen: Hvordan kan du da med et slikt alvor tilbe det du ikke vet noget om?

Den kristne: Fordi jeg ikke vet, tilber jeg.

Hedningen: Forunderlig! Her ser jeg et menneske grepet av det, det ikke vet noget om!

Den kristne: Forunderligere ville det være å se et menneske grepet av noget det tror sig å vite noget om.

Hedningen: Hvordan det?

Den kristne: Fordi hans viden om det, han mener å vite noget om, er mindre enn hans viden om det hvorom han vet at han intet vet.

[Fra åpningsdialogen i *De Deo Abscondito*, av Kardinal Nicolaus Cusanus (1401–1464). Sitert fra *Om den skjulte Gud*, Servolibris, Oslo 1963]

¹ Sitat av Cusanus fra samme verk.

«Så liflig vi leker for Herren...»

Om liturgi og barn



AV ØYSTEIN BJØRDAL

oystein.bjordal@c2i.net

På biskopens fang

Det var visitas i kyrkjelyden.¹ På søndagen var det festgudsteneste. Biskopen skulle møte kyrkjelyden og avslutte visitasen. Ei ung mor hadde pynta seg og vesleguten og såg fram til ei høgtidsstund. Det var nokre minutt igjen til prosesjonen. Litt tid til å sjå seg ikring i kyrkja, kle av seg yttertøy, roe ned guten og samle seg litt. Men små gutar er ikkje alltid lette verken å roe ned eller å samle. Det vart litt uro til å begynne med. Men kyrkjelyden var ikkje van med å bli uroa av barn, og den unge mora opplevde lange blikk, snuing og kremting her og der ifrå. Ho kjende blikka i nakken og mislikte situasjonen. Dette er ikkje ein ukjend situasjon i mange kyrkjelydar, dessverre. – Klokkene ringde og det tok til å bli litt travelt for mora, så ho tenkte som mange mødre: nei, dette orkar eg ikkje. Då begynte ho å kle på guten igjen og ville til å gå. I våpenhuset møtte dei heile prosesjonen som hadde gjort seg klar. Det vart ein slags spissrotgang for henne, og bakerst stod biskopen. Han skjønna situasjonen, såg mora og sa til dei: klart de skal til gudsteneste, og guten skal vere med meg. Småguten tok tillitsfullt handa til biskopen og smaug seg opp til bispekåpa, han ville gå ilag med biskopen i prosesjonen. Mora smilte glad og litt forlegen idet ho gjekk tilbake til kyrkjebenken.

Framme i koret vart barnet sitjande på fanget til biskopen og såg og såg. Her var det mykje spanande og fint å følge med på. Den gode roa fall over guten så han somna der i bispefanget

medan gudstenesta heldt fram. Og då biskopen skulle preike sette han den sovande guten i fanget til domprosten. Slik gjekk visitasgudstenesta sin gang og til slutt var det utgang med biskopen i spissen og barnet framleis i det store følget. Mora stod der glad, takksam, litt stolt, og tenkte at no ville guten kome beinveges til henne på vegen ut. Men nei, prosesjon er stas, det er både leik og alvor, og det er slik smågutar og andre barn likar å feire gudsteneste. Han både såg og vart sett. Han heldt biskopen sterkt i handa heilt ut. Og så kunne mora og guten gå ilag vidare ut i livet, ut i kvardagen ei velsigning rikare. Eit barn vart roa ved Herrens alter. Det er ein kvilestad for små og store. «Ja, fuglen har funne ein heim, svala har fått seg eit reir der ho kan legge sine ungar, ved dine altar, Herre Allhærs Gud, min konge og min Gud».² Tenk å få kvile seg ved Herrens alter, omslutta av Guds godleik og velsigning. Det er det vi ønsker å fokusere på i denne artikkelen, korleis vi kan legge meir til rette for det.

Synlege ord

Sett med barn sine auge, ser dei altfor lite i kyrkjene våre. Det er høgt og langt i mange kyrkjer. Og der er høge benkar og store kvinner og menn, somme med breie skuldrar og andre med mykje hår. Då blir det ikkje så lett å sjå eller oppleve det som liturgien handlar om. Og når orda blir mange og handlingane og bevegelsane få og småarta, då er det ikkje greitt å vere barn i gudstenesta. Ikkje vaksne heller for den

skuld. For det er ikkje så stor forskjell på barn og vaksne si gudstenesteoppleving når det gjeld kva som gjer oss lyttande, stille og mottakelege. Kva barn og vaksne «tolte» av preiker, minitalar og ord i gudstenestefeiringa for eit par generasjonar sidan, er ein heilt annan situasjon for oss idag. Vi har fått til dels heilt ny liturgi dei siste 25 åra, vi har nye salmar og liturgiske klede, bruken av fargar og musikk har utvikla seg mykje, mange av tekstene er justerte og endra og bønene har mange alternativ og er opne for nærleik og kontekstualisering til den aktuelle situasjonen i menigheten, kirka og samfunnet. Men kyrkjene og gudstenesteromma er ikkje alltid tilpassa denne gudstenestelege utviklinga og liturgiske nyskapinga. Dette er ei viktig og spennande utfordring mange stader der ein ønskjer å skape meir av inkluderande gudsteneste feiring og -fellesskap. Vi kan ikkje berre klage på at ungene var så mykje rolegare og meir veloppdregne før i tida. Og det held ikkje berre å tale om det store kulturskiftet med nye media- og kommunikasjonsformer og tilsvarende pedagogiske utfordringar. Dette er like mykje eit spørsmål om fornya liturgisk refleksjon og teologisk vektning. Kva er det som betyr noko i kyrkjelydens liv, kva er viktig i gudsteneste feiringa? Skal det vere berre ei skjermar ro for dei innvigde? Eller skal ikkje pusten frå kvardagen og leikens involvering og glede få spele med? Og skal vi ikkje snart slutte å tale om borna og dei unge som morgendagens kyrkje, når dei faktisk blir døypte og høyrer til i dagens kyrkje. Gudsteneste feiring er notid, liturgi er presens. Det er slik Gud møter oss. Det er slik Jesus er nær i dag, i bøn og song, forkyning og sakrament.

I mellomalderen var bilda og kyrkjeleg utsmykking rekna som dei fattige sin Bibel – *Biblia Pauporum*. Gjennom bilda og liturgiske drama lærte dei evangeliefortellingane.³ På ein måte liknar dette på barna sin situasjon i dag og til alle tider. Når ein sjølv ikkje kunne lese og heller ikkje forstod det talte ord, som ofte var på latin, så vart bilda synlege ord og teikn på trua sitt innhald. Før Gutenberg og trykkekunsten var liturgiske spel og dramatiseringar vanleg katekese i og utanfor kyrkja. Dei sokalla mysteriespela og bibelske drama underviste og

engasjerte folket i dei store fortellingane i bibelhistoria og i dei avgjerande hendingane i kristendomen. Ei liknande rolle hadde dei mystagogiske katekesene i oldkyrkja, som var ei innføring i dei heilage handlingane og i sakramenta. Ifrå denne lange tradisjonen med synleggjering og dramatisering av Bibelen kan vi også hente inspirasjon og kunnskap til dåpsopplæring og katekese der born og unge blir aktiverte og involverte i gudstenesterommet og den liturgiske handlinga. Dei seinare åra har vi fått fleire slike kyrkjemusikalske dramatiseringar som involverer barnekor, ungdomskor og andre i bibelfortellingane.⁴ I Stavanger domkirke lagde dei for eit par år sidan eit framifrå samarbeid mellom det omfattande korarbeidet i kyrkjelyden, teatret og andre for å formidle dei store fortellingane om Jesu liv og gjerning. Her var vaksne, barn og unge ilag om store og lærerike framføringar som nærma seg mykje gudstenesta si form. At det gav kristen kunnskap og åndeleg inspirasjon til mange er det ingen tvil om.⁵


For mennesket er språket åndslivet si grunnjelde. Det skapande livet tek til der. Men språket har mange uttrykksformer: Grammatikalske setningar i det talte og skrevne ord; eller lydar, som er språket sitt naturmaterial og som blir til musikk, eller det kan vere «tale» som ikkje høyrer til mellom dei grammatikalske setningane: rørsler; dans; drama og andre kunststartar. Her kjem også teikn og symbol inn som ein eigen form for formidling. Heile dette «meir enn verbale» register av formidling rettar vår merksemd mot tilhøvet mellom sjel og kropp. Som sjela treng ein kropp å leve i, treng Ordet – og våre ord – meir enn lydølger, dei må bli synlege. Då blir vi heile menneske. Og slik er Gud. Gud er Ånd, men han er samstundes ein personleg Gud med sjel og kropp. Den mest radikale kroppsleggjering (eng.: «embodiment») av Ord og Ånd finn vi nettopp i kristendomens historiske openberring, i inkarnasjonsunderet, særleg slik det er omtala i Johannesprologens grunnform om «ordet som vart kjøt og slo opp sitt telt imellom oss...»⁶

Ei rekkje undersøkingar stadfestar ei nesten dramatisk endring av vår evne til å oppfatte ein bodskap når fleire sansar blir mobiliserte.

Undersøkingane viser forskjellig resultat, men tendensen er alltid den same:

1. Det vi høyrer (korleis orda fell, musikk, bakgrunnslyd o.l.) får større verdi enn sjølve orda som vi brukar
2. Det vi ser har større verknad på oss enn det vi høyrer.

Ifølge ei finsk undersøking oppfattar vi berre 9 % av det som vert kommunisert når vi les ei tekst stille for oss sjølve, men om vi høyrer den same teksta lest og framført aukar oppfattingsevna med 14 % til 23 %. Om vi samstundes får synleggjort teksta i form av ei visualisering eller dramatisering aukar vår evne til å oppfatte bodskapen med 63 % til heile 86 %. Den finske teol. dr. Ingmar Lindquist samanfattar diverse undersøkingar i følgjande diagram:⁷



Av desse undersøkingane seier det seg sjølv at utforminga av kyrkjerommet blir viktig. Vi må rekne med arkitektane som viktige predikantar. Og vi må i vår gudstenestefeiring legge vekt på at det som blir høyrst og sett ikkje strir imot det orda seier. Då er det til slutt orda som tapar (Eks.: Å tale om at «Gud er glad i deg» i mørke, tunge vendingar blir ikkje så lett truverdig).

I seinmellomalderen uttala Thomas à Kempis dei kjende orda: *Ute av auge – ute av sinn!*⁸ Det er ei enkel og almenn erfaring det her vert referert til. Dei orda som blir synlege for oss, hukar vi betre. Dei blir verande lenger i sinnet vårt, slik også lukt og smak kan vekke minner som elles ville vere borte berre med ein reint verbal kommunikasjon. Sakramenta kan samanliknast med slike synlege ord. Kyrkjefader Augustin forklarar det slik i samanheng med ei utlegging av Johannes-evangeliet: «Ordet kjem

til elementet, og så blir det eit sakramant, det vil seie, eit slags synleg ord».⁹ Det er denne mystiske sameininga av ord og handling gudstenestefeiringa handlar om. Grundtvig syng om det i salmen *Vidunderligst av alt på jord*: «Dets gåte er et guddomsord som skaper hva det nevner...».¹⁰ Og vidare:

*Med det innvies Jesu dåp,
velsignes Jesu beger,
av dåpen veller livets håp,
og kalken vederkveger.*

Den usynlege Gud kjem til oss i synlege og sanselege former. Den skjulte Gud som ikkje menneske kan sjå uten å døy og som berre kan samanliknast med seg sjølv,¹¹ den Gud har vist seg, han kjem til oss gjennom ytre, følbare element ved Jesu Kristi inkarnasjon. Det gudommelege ordet som var skjult og utilgiengelig for vår sanseavhengige oppfattingsevne er blitt synlege ord ved dei sakramentale instiftingane Jesus gjorde. I sin sjølv-presentasjon knyter Gud seg til den synlege røyndomen som står over våre subjektive erfaringer og opplevingar. Guds ord knyter seg til ein person, ein gest, ei handling, eit bad eller eit måltid, og slik blir det for oss Livsens ord, livsens brød og livsens vatten.¹²

Grunnelementa

Barna våre er dagens kyrkje. Morgondagen kjenner ingen, gårdsdagen er forbi. Om ikkje borna og dei unge er dagens kyrkje, så er dei heller ikkje morgondagens. I høve til gudsteneesta sitt grunnlag og vesen skulle det ligge vel til rette for at barna var ein aktiv del av liturgien. Det er jo grunnelementa i tilveret vi «leikar» oss med i gudsteneesta. Liturgien blir levande når ord og handling blir eitt. Og liturgi har med jord, eld, luft og vatten å gjere. Det er ikkje berre kroppane våre som lever i og av grunnelementa. Også sjels- og åndslivet relaterer seg til denne verda slik vi kjenner den. Vi er sette til å vere forvaltarar av jorda og livet. Å dyrke jorda og verne om livet og miljøet er ei kulturoppgåve menneske har fått frå Gud. Frå jorda hentar vi brød og vin til nattverdens gåve, og i Familiemesse¹³ for Den norske kyrkja heiter slik i offertoriebøna: «Gode Gud, du har

skapt jorda. Du gir liv til alt som lever. Vi ber deg: Lat regnet falle og sola skine, slik at korn og druer kan vekse og ved våre henders arbeid bli til brød og vin». Elden er lyset som blafrar på alteret og minner oss om Guds nærver og om Jesus som lyset for verda.¹⁴ Urkirka si påskennattsfeiring tok til med ein fakkell som var henta frå elden ved Jesu tome grav. Seinare breidde denne handlinga seg vidt utover verda med tenninga av påskelyset og seinare tradisjonar med dåpslyset, slik vi også har fått det i våre gudstenesteordningar. – Gjer vi noko for at dåpslysa skal brenne, eller blir dei sløkte i kyrkjebankane fordi dei er plagsomme og farlege? Lat barna få bere dåpslysa og setje dei i den sjuarma staken eller ein annan høveleg stad, lysgloben eller liknande. Og lat dåpslyset følgje familiane heim til barnerommet for å tennast ved kveldsbøna og synleggjere for små og store Jesu nærver, dåpens nåde og gudstenesta sitt framhald i heimen og kvardagen.¹⁵

Vatnet er kjelda som livet går utifrå, vatnet som reinsar og leskar, og som i liturgiens heilage bad atterføder og fornyar ved Den Heilage Ande. Dåpsvatnet og fostervatnet er livgivande. I dåpens bad får barnet Den heilage ande. Det er som ei gjentakning av den første skapinga då Gud Herren skapte mennesket og «bles livsande inn i nasen hans», og soleis vart menneske til ei levande sjel.¹⁶ I Bibelen er det også slik at pust, luft, vind og Ande er det same ordet. Guds og Jesus Kristi Ånd – som også er den Ånd som utgår frå Guds ord – har som vinden blåst inn i vår tid og våre rom og teke bustad i menneskeleg liv. Slik er vi menneske åndsvesen og lekamen skal vere eit tempel for Den Heilage Ande, eit levande og heilagt offer til hugnad for Gud, seier Skrifta.¹⁷ Det blir gudsteneste av slikt, og for både barn og vaksne er dette ein radikalt annleis bodskap enn gresk dualisme og all anna beslekta spalting og skilje av livet i høgre og lægre lag, eller i dei mange forsøk på å lage motsetnad mellom kropp og sjel.¹⁸ Utan grunnelementa kan verken liturgien eller livet tenkast. Gudstenestefeiringa må difor alltid legge seg på sinne å vere relevant og nær i høve til kulturen og livet som omgir den, slik alle sider ved evangeliet er synleg.¹⁹

Fødsel og Feiring

Den kristne gudstenestefeiringa tok til som svar på ein fødsel. Eit lite barn vart sentrum for tilbedinga. Det eineståande i kristendomen er at Gud vart eit menneskebarn. Det vi i teologien kallar for inkarnasjonen tok til i møya Maria sitt unge liv. Gud var også eit foster, og i fødselen feirar vi livet – både det guddommelege og det menneskelege. Som barn får vi livet i gave gjennom fødselen, og som barn tek vi imot det nye livet, den nye fødselen frå Gud, i dåpen. Kan dette merkast i våre liturgiar og i vår gudstenestefeiring? At vi feirar livet som den største av alle Guds gåver, underet i tomme hender?

Rundt Jesu fødsel i ein stall ute på Betlehemsmarkane vart himmel og jord dregne inn i ei politisk og religiøs omkalfatring som vi elles ikkje kjenner maken til. Dyr og menneske og ein hærskare av englar var vitne til det som skjedde. Natta lyste som dagen og lufta og landet omkring var full av av eit himmelsk Gloria: «Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i.»²⁰ Vismenn som hadde studert skriftene kom for å helse og hylle barnet og jødekongen som nett var fødd. Så truga var Kong Herodes av denne fødselen og det vesle barnet at han satt all makt inn på å drepe det. Alle gutabarn to år og yngre skulle drepast i håp om at ein skulle bli kvitt barnet som det ikkje var rom for i herberget. I sine *Kristuslegender* fortel Selma Lagerløf om «Keiserens syn» der Forum Romanums keisarkult fell i stavar over lyset frå aust og ein engel som peikar mot ei krybbe og ein stall i det fjerne.²¹ Kort fortalt: i sin enkle og vakre bodskap har juleevangeliet lite av idyllen og romantikken over seg. Det er ei dramatisk forteljing som bokstaveleg tala enda med eit Rama-skrik²², ei historie om ein fødsel med dei største konsekvensar for menneskeleg liv og død.

Vi ser ei ung mor, Maria, og ein truga familie som vert styrkt av englar frå Gud. Vi ser eit lite barn som kongar fryktar og keisarkulten bøyer seg for; vi kjenner lukta av røykelse og myrra og høyrer gjenklagen av eit englekor langt utover Betlehemsmarkane og det overfylte herberget. Kor mykje av denne første kristne gudsteneste på Betlehemsmarkane pregar vår gudstenestefeiring med små og store, unge og gamle?

Denne fødselen skiljer verdshistoria i to! Før og etter Kristi fødsel. Og med fødselen og barnet kjem den nye tida og den nye pakta frå Gud. Med den kjem også ei fornya gudsteneste der lova sine bod og våre gjerningar og misgjerningar blir møtt av evangeliet om Guds frelse i Jesus Kristus. Som tolvåring målbatt han dei skriftlærde i Templet og nokre år seinare gjer den unge Kristus teneste som skriftlesar i synagoge-gudstenesta i Nasaret. Der vart han eit eksempel for dei andre i det å gå trufast til gudsteneste – av «sedvane» som det heitte i den forrige bokmåloversettelsen.²³ Ser vi gjenskin av fødselens tårer og ømhet i våre liturgiske handlingar? Maria var pur ung då ho vart utvalgd av Gud. Jesus rysta verda ved sin fødsel og gjorde store ting som tolvåring i templet. Korleis tek vi imot barna og dei unge i våre kyrkjer og katedrarlar? Er Jesus venta imellom oss eller er våre private og kyrkjelege agendaer så «overbooka» at det ikkje er tid eller rom i dei kyrkjelege herberga til barnet i krybba og barnet i oss sjølve? Det høyrer også til gudstenesta sitt vesen at ho kan overraske, forvandle og fornye. Når Jesus tala om å vende om så brukte han uttrykket om å fatte eit nytt sinn²⁴ – *metanoie*. Er vi opne for det i gudstenestefeiringane våre? Har vi opne sinn og sansar slik at vi faktisk ser og høyrer det som skjer mellom oss og Gud. Som døpte kristne er vi kalla til å synleggjere forbindelsane mellom skapinga og frelsen i våre liv, både i og utanfor gudstenesta. Er vi så godt førebudde, vi som er liturgar, slik at vi kan improvisere når noko uventa hender i gudstenesta (eks.: høyrer folk det som blir sagt/virkar høgtalaranlegget... gløymte eg noko...er det nokon som manglar salmebøker eller gudstenesteagender...kva gjer vi i høve til barna eller dei unge som «uventa» har dukka opp...).

Det tek til med fødselen og barnet, med takk og glede over livets under – det fine og det skjøre livet. Og Jesus utdjuar barnet si rolle for oss med desse orda: «Den som ikkje tek imot Guds rike som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det».²⁵ Det held fram med dåpens bad og det nye livets sakrament. Feirar vi glede over livet i våre dåpshandlingar eller fordjuar vi oss i gudstenestebøkene og blir alvorlege og høgtidelege? Barn elsker fest og høgtid men finn seg

ikkje like godt til rette i det høgtidelege. Og til oss vaksne lyder det ironisk frå Georges Bernanos i *Underet i de tomme hender*: «Stakkars folk! Selv synden har de slitt ut. De morer seg ikke, om de aldri så gjerne vil... Hvorfor? Fordi de har mistet sitt barnesinn...»

I Jesu fødsel ser vi kven Gud er. Når Gud vart menneske, er han ikkje blitt litt mindre Gud, men meir av begge deler. Han er heilag og nær oss på ei og same tid, ein Gud som har omsorg for verda og menneskeborna. Soleis er Jesu fødsel eit program for eit gudstenesteleg liv både i og utanfor kyrkja. Liturgi handlar ikkje berre om alteret og kyrkjebygget. Det hentar sitt lys og si kraft derifrå, men rekkjer ut i livets mange små og store samanhengar. Barnet som Maria fødde har gjort Guds kjærleik og Guds heilagdom synleg for oss. Julebodskapens jordnære og himmelhøge røyndom er gudstenesta sitt grunnmanuskript. Ein fødsel er simpelthen gudstenestefeiringa si krybbe, ein fødsel med blod, vatten og tårer. Slik er Guds openberring handfast og synleg. Og på dette grunnlag – og med fylden og forklaringa som veks fram gjennom påske og pinsehendinga – lovprisar den kristne gudstenestefeiringa Gud saman med englane og dei himmelske hærskarane. I denne gudstenestefeiringa er barnet det mest naturlege av alt. Dei er prototypen på mennesket som lever og leikar med opne sinn og sanser for Guds ansikt. Dette må bli eit meir brennbart tema for oss, og den nye utgreiinga om *Dåpsopplæring i Den norske kirke* har tydeleggjort kor nødvendig det er at dei som blir døypte får leve seg inn i vår kristne kulturtradisjon og take del i dei kristne rituala: «Det betyr at barnet må få anledning til å delta i bønn og tenne lys, syngje sanger og salmer, lære Fadervår, være til stede ved dåp, delta i nattverden når de har fått veiledning om dette og selv ønsker det. Etter hvert som barnet vokser opp, har det da fått innarbeidet gode vaner slik at det kan oppleve at ritualene også bærer dets egen tro.»²⁶ Utgreiinga understrekar også kor viktig det er at barna får oppleve det heilage, og at barnets eige liv har med det heilage å gjere.

Barn og liturgi

Tida er for lengst inne til å tenkje meir radikalt omkring barn i gudstenesteferinga – både i kyrkja og i heimen. Kanskje er barns liv og leik i alvor og glede rett og slett paradigmet eller mønsteret vi leitar etter for ei meir naturleg og ekte gudsteneste. Lenge har vi tenkt og sagt når barna får «opptre» i kyrkjene og i gudstenesta: sjå kor søte dei er, er dei ikkje flinke o.l. Slik er det lett for oss vaksne å oppfatte barna som «nusseleg underhaldning». Men barn og unge må takast meir på alvor i vår gudstenestetenkning – og praksis. Dei er ikkje berre «skuebrød» for oss vaksne. Når dei er døypte og blir opplærde i trua, så er dei fullverdige kristne som må få oppleve at dei på ein naturleg, integrert måte kan få vekse i kristeleg tru og liv. Når barn talar om at dei vil gjere «dei egentlege tinga», så er det både ei pedagogisk og liturgisk utfordring for oss. Dei treng ikkje bli vaksne for å forstå. Heile den lutherske teologi handlar om å take imot og bli boren av at Gud ser oss. At vi kan få take imot og kvile i Guds nåde. Dåpen er soleis både teologisk og som gudstenesteleg handling grunnleggande viktig i den lutherske kyrkja.

Jødiske barn blir tidleg opplærde i rituelle handlingar heime. Det er strenge reglar for kven som får gjere kva i synagoge-gudstenesta. Det hender også at barna får vere med ved det sakramentale høgdepunktet når bokrullen – Toraen – blir boren fram i høgtideleg prosessjon. Det set djupe spor i barn som blir involverte i heilage handlingar. Men jødane tek med seg mange ritual og ordningar frå synagoga og inn i heimane, og i heimane er barna ofte sterkt involverte i måltidsfellesskapet, bønnetradisjonane, symbol og kroppsspråk knytta til diverse ritual og tradisjonar. Sambandet mellom synagoga sine gudstenester og heimen er nær, og dei konkrete handlingane i synagoga og heimen involverar dei jødiske barna i den bibelske historia slik at dei blir eitt med den. Noko liknande kan vi også sjå i ortodokse tradisjonar der lys og ikonar er kyrkja og gudstenesta si forlenging inn i heimane og familiens rom. Dette treng vi å lære noko av. «Dette skal du lære dine born» heiter ei av dei kjende maksimene i jødisk tradisjon og trusformidling.²⁷ Er det

noko som minner oss om kyrkja og gudstenesta i heimane våre? Har vi ordningar, bilder, songar eller bønner heime som leier tankane til Jesus og til dåpen i hans namn? Ser vi nokon samanheng mellom måltidsfellesskapet i heimen og det sakramentale måltidet rundt alteret som «Herrens bord»? Kva med salmar og songar i heimen, har dei relasjonar til salmesongen og bønene i gudstenesta?

Sigmund Harbos avhandling *Barndomserfaringer og voksentro* dokumenterer korleis vaksne si trusoppleving og haldningar til kristendomen kan forklarast med ulike barndomsopplevingar og påverknader frå heimen. Å velge livssyn fritt og upåvirka av foreldre og oppvekstmiljø er ein illusjon, hevdar han. Av undersøkingane går det fram at «gruppen uten noen form for religiøs påvirkning hjemmefra er mest antipatisk. I ikketroende hjem stiger så gjennomsnittsskåren med mengden verbal formidling, og øker ytterligere i troende hjem. Høyest verdi har gruppen som både hadde troende foreldre og dessuten opplevde eksplisitt påvirkning utover aftenbønn og bordbønn.»²⁸ Dette er også anerkjent innsikt som dei fagpsykologiske miljøa stadfestar. Dei grunnleggande barneåra talar ein gjerne om. Vi treng alle å vere meir medvitne – og meir systematiske – i kva vi lar borna våre sjå, høyre og oppleve! Ser vi på dei unge kyrkjene i den tredje verda opplever vi forsamlingar der alle generasjonar møtest til gudsteneste, og vert prega av det. Noko liknande finn vi også i romersk-katolske kyrkjer og i ein del protestantiske kyrkjesamfunn i USA.

Korleis styrkje inkludering av borna i gudstenestene våre?

1. For det første må vi bli tydelegare på kva det vil seie å tenke og praktisere eit inkluderande gudstenesteliv. Vi som er liturgar og kantorar eig ikkje gudstenesta. Det er kyrkjelyden som feirar gudsteneste. Og det må arbeidast aktivt for å gi gudstenesteleg ansvar til fleire og inkludere barn og unge både i førebuinga og i den liturgiske handlinga. Liturg og prest blir kanskje mindre synleg, men Kristus kan bli meir sentral for mange og presten får eit større hyrde- og leiaransvar.

2. Vi har ein unik organisasjon i Norge som har arbeidd systematisk med spørsmål omkring barn og oppseding i heim, skule og kyrkje. Institutt for Kristen Oppseding (IKO) har arbeidd lenge både med teoretiske og praktiske spørsmål i tilknytning til vårt tema. IKO er ei gave til kyrkja vår. Her finst både kunnskap, praktisk innsikt, litteratur og ein stab som kan gi inspirasjon og vegleing. I Førde prestegjeld hadde vi ei Heim Skule Kyrkje-veke til glede og inspirasjon for arbeidet med barna i gudstene-
 nesta, heimen og i skulen. På folkemunne heitte det at «når IKO-veka kjem då kjem våren». Det er grunn til å tru at IKOs kompetanse ikkje er tilstrekkeleg implementert i kyrkja eller i kyrkjelydane våre.

3. Den nye bønneboka ligg føre i desse dagar og skal introduserast i kyrkja vår til advent. Det er ei bønnebok som er tenkt å vere ei bru mellom heimen og gudstene-
 nesta. Her det det små liturgi-
 ar og bønner til familiens daglege rytme og dei store høgtidsdagane, her finst bønner for mange høve og ordningar som gir innføring i kyrkja sitt gudstene-
 steliv og i katekisma. Dette er ei nyttig bok for heimen og som tillegg til Norsk Salmebok blir salmeboka den bruksboka og «trusboka» som salmeboka har tradisjon for å vere i norske heimar.

Ny Familiemesse

I boka *Gudstjeneste for alle sanser*, er den danske diktarpresten Holger Lissner oppteken av å inkludere barna og leiken i gudstene-
 nesta.²⁹ Lissner understrekar at vi skal feire gudstene-
 neste for vår tids menneske på tradisjonens grunn, fordi den er så rik og mangfaldig. Jesus var ein genial pedagog framhevar han og legg vekt på dei sterke billedrike handlingane som vi finn så mange av i Bibelen. Mange erfaringar stadfester at for barna er det betre med ei levande og dynamisk høgmesse enn ei ordrik og «kjede-
 leg» familiegudstene-
 neste utan mykje handling.

Kva som er ei levande og god barnegudstene-
 neste eller familiemesse kan diskutert og ein kan nærme seg problemstillinga frå fleire vinklar. Vi må vere audmjuke i møte med denne problemstillinga og lære av kvarandre. Det er nødvendig å prøve seg fram og samle erfa-

ringar. Den nye Familiemessa³⁰ legg opp til å bruke kyrkjerommet meir aktivt. Dåpspåmin-
 ning med synleg og høyrbart vatten er inn-
 gangen til messa og i nattverdfeiringa er barna tenkt medvirkande i tilberedinga av Herrens bord. Familiemessa er blitt til på oppdrag frå Kyrkjemøtet 1993 ut ifrå trongen om ei ny ordning i samband med at nattverden er open for barn. Barnekommunion er framleis lite utvikla i vår gudstene-
 stelege tradisjon, men vi ser mange teikn på at ei ny tid er i erning. Her ligg det viktige liturgiske utfordringar og ventar.

I Familiemesse ber vi opningsorda med barna/ ministrantane på denne måten:

Herre, vår Gud, du gir oss nytt liv i den hellige dåp. I dåpen blir vi merket med korsets tegn for å tilhøre deg.

Vi er dine barn. Forny i dag vår tro og kjærlighet.

Eit barn/ministrant kan så ause opp vatten tre gongar frå døypefonten,

før veksellesing/vekselsong:

Som regnbuen lyser dine løfter, Gud,

– et tegn på din pakt med hver levende skapning.

Vi kommer til deg med vår takk og vår sang...

Du er vårt håp

...

Du kjenner våre liv. Ingenting er skjult for deg.

Vi har gjort imot din vilje, vi bryter dine bud

Tilgi oss Gud

...

Du reiste Jesus opp fra graven. I dåpen reises vi opp til nytt liv med ham.

Som regnbuen lyser dine løfter Gud,

Et tegn på din pakt med hver levende skapning.

Kollektbøna lyder:

*Herre, vår Gud og Far. Du berget Noa fra vann-
 flommen og forte Israelfolket gjennom havet. Du
 frelser oss i dåpen og gir oss nytt liv ved din ska-
 pendende Ånd. Vi ber deg: Bevar oss i vår dåpspakt,
 ved Jesus Kristus vår Herre.*

Under nattverden ber vi m.a. slik:


*Hellige Gud, du har skapt oss mennesker i ditt
 bilde og gitt oss livets gave. Vi takker deg for Jesus
 Kristus, verdens frelser. Ved troen på hans død og
 oppstandelse har vi evig liv.*

Nådige Gud. Du opphøyer de små og metter de sultne med gode gaver. Vi takker deg for dåpen, der du gjør oss til dine barn, og for nattverden, der du samler oss som din familie...

Ein vil kanskje spørje om dette er spesielt barnevenleg. Det kan det heilt sikkert svarast forskjellig på. I arbeidet med Familiemessa har ein hatt i tankane at det ikkje berre er dei minste barna som treng å bli tekne omsyn til. Det er mange stadiar i eit barns utvikling, og når dei litt større barna er medverkande, vil dette truleg også verke stimulerande og inkluderande på dei mindre. Det er viktig å framheve at orda i Familiemessa er sett inn i ein samanheng av handling og rørsler der barna og dei unge sjølve er ein aktiv del. Det har også vore tanken at Familiemessa skal gi kunnskap og oppleving omkring den kristne trua, som kan peike inn mot høgnessa. Det har ikkje vore eit hovudpoeng å gjenskape eit sokalla «barnespråk» i liturgien, men å stadfeste trusopplevingar hjå born og vaksne der ord og handling gir meining til kvarandre. Samstundes skal ein gjennom liturgien og preika lære meir om dei store og viktige ord og hendingar i Bibelen. Når dåpsspåminninga og dåpen har fått ein slik sentral plass i starten av Familiemessa, så er det m.a. fordi dåpen er det utgangspunktet som knyter dei fleste av oss saman i folkekyrkja. Dessutan er dåpen den grunnleggande inkorporasjon i Kristi lekam og dermed for barna si deltaking i nattverdfeiringa. Det var dette som var utgangspunktet for at Familiemessa vart til.

I vår liturgiske praksis er det viktig at barne- og familiegudstenester ikkje blir belæring om bøn, lovprising og tru, men at vi faktisk ber, lovprisar og trur – ikkje berre med hovudet og hjartet, men med heile kroppen og alle sansane. Difor er det viktig at gudstenester for og med barn ikkje blir «barnlege», men enkle og tydelege i ord og i handling. Med enkel meiner vi i denne samanheng at gudstenesta ikkje skal vere overlessa med ord, men prega av rørsle og involvering. Dei ord som skal brukast må ha nærleik og kraft i seg og ha evne til å røre ved og engasjere både store og små gudsteneste-feirande. Då er det viktig at liturg og predikant ikkje skjuler seg bak bøker og ord, men er

bærar og formidlar av Ordet og orda slik at det vert skapt tru og liv ved Den heilage ande. Då kan ei gudsteneste for og med barn og unge gjerne legge seg opp mot høgnessa si form.



Homo ludens – det leikande mennesket

Fleire prestar og teologar har vore opptekne med leikens plass i liturgien. Soleis har omgreet «leikturgi» også dukka opp i det teologiske vokabularet.³¹ Og det er vel begrunna. Leikens betydning for menneskeleg samkvem og livsutfalding er udiskutabel. Leiken er eit kulturfenomen med tydelege rituelle implikasjonar. Mennesket er *homo ludens* (det leikande mennesket) vert det sagt. Og leik er ikkje berre moro. Den er også ramme alvor. Det merkar ein straks reglane for leiken ikkje blir fulgde. Det er djupner og alvor i leiken som minner om desse orda som er tilskrevne Platon: «I leiken står mennesket for sin skapar». Utfrå dette perspektivet samanliknar presten Jan Oskar Utnem leiken med den religiøse kulten og tilbedinga sin eigenart.³² Han framhevar fire slåande likskapar:

- 1) Som leiken krev gudstenesta eit innvigd område der spesielle reglar gjeld, eller eit eige rom avgrensa til den spesielle handlinga.
- 2) For det andre er både leiken og kulten kjenneteikna av ein einskap og heilskap mellom

leiken og den som leikar, slik også gudstene-
sta si grunnfortelling om Jesu liv dengong
og våre liv i dag er ein einskap.

3) Den tredje likskapen består i den totale fri-
dom som finst i barns leik og i den religiøse
kulturn. Her kan ein vere i fleire tider sam-
stundes, fri frå tid og årsaksamanhengane.
Leiken si sjølvforståing er det muliges rom,
og i gudstene-
sta er vi dels i vår eiga historia
og dels i frelseshistoria. Her finst ein fridom
som gjer det umulege muleg.

4) Endeleg har både leiken og gudstene-
sta det til felles at dei har sitt mål i seg sjøve.
Leikens mål er å leike den og gudstene-
sta sitt mål er tilbedinga av Gud. Ytre interesser og
individuelle ynskjer er sekundære. Guds-
tene-
sta har ikkje noko formål eller hensikt
utover det å bli feira som gudstene-
ste...

Leiken har sitt eige språk som gjer at barn av
forskjellige språk og kulturar fort finn kvaran-
dre. Det skulle også vere noko av kyrkja og gud-
stene-
sta sitt vesen. I boka *Barnesjel og kristentro*
skriv Jorun Fougner at dei gamle leikane med
røter i mellomalderen er stiliserte drama.³³
«Bro, bro brille» til dømes er truleg Gjallarbrui
i Norrøn mytologi (jfr. *Draumkvedet*). Men
denne leiken går også tilbake til Gresk mytologi
og finst over heile verda. I Frankrike vert den
kalla for «Himmel og helvete» og i Tyskland for
«Djevlar og englar». Å «hoppe Paradis» (eller
«flyger'n» som det heiter nokre stader) er ein
leik med klare religiøse overtonar og parallellar
til katedralens grunnform. Kva som var først av
paradis-leiken eller katedralen, og korleis lik-
skapen er oppstått, er eit mysterium som vi
gjærne kan grunde vidare på.

Konklusjon

Det vi kan konstatere er at barna ikkje repre-
senterer ein vanske i høve til gudstene-
sta og rituala. Dei har heller føremuner i høve til oss
vaksne. Det er truleg vi som har problema. Vi er
intellektuelt overlegne, men i menneskeleg
religiøsitet er det i følge religionspsykologane
fleire dimensjonar der barna truleg er betre
utrusta enn oss vaksne: dei har opne sansar
med ein utvikla opplevings- og erfaringsdimen-
sjon, trushaldninga er meir direkte, liturgi-
ens handlingsspråk og den rituelle dimensjon er

naturleg for barna, konsekvensdimensjonen er
viktig. Dette bør vi take lærdom av og gjere oss
meir bruk av i vårt gudstene-
stearbeid.

«Liturgi og barn» utfordrar oss i vår guds-
tene-
stradisjon til

- meir alvor (ikkje «tungsinn») og glede over
Guds nærver
- meir leik og kropp
- meir synleggjering
- meir av nærleik og livsforteljingar, både dei
bibelske og våre egne
- meir frimodig og handlingsprega dåpskate-
kese og glede over å høyre til i den kristne
storfamilien
- ein dåpspraksis der den nye fødsel blir tyde-
legare for alle
- å invitere til ro og tryggleik «på biskopens
eller prestens fang» og til kvile ved Herrens
altar

Ved å tenkje strategisk i høve til å involvere
fleire i ansvaret for kyrkjelydens gudstene-
steli-
v, vil ein også måtte engasjere barn og unge i
fleire konkrete tenester. Det vil vere viktig for
dei å få oppleve gudstene-
sta innanifrå. Guds-
tene-
stene-
treng ikkje å bli «tilpassa» det vi trur
barna og dei unge vil ha, sjølv om det også kan
vere legitimt. Dei må først og fremst opplærast
og oppsedast ved å take aktivt del med tenester
og oppgaver der både ord, musikk, bøn, syn og
handling kan inspirere til eit trusliv der kvar-
dag, helg og høgtid heng ihop.

Noter

- 1 Den følgande hendinga er henta frå ein aktuell visitas i
Den norske kyrkja for 3–4 år sidan.
- 2 Det gamle testamente – Salme 84
- 3 For vidare studium av dette viktige og omfattande tema
om billedstrid, billedbruk og billedlære viser eg til Bengt
Arvidsson: «Bilder för de inte lärkunninga. Gregorius
argument i historiskt perspektiv» i *Bildligt. Om guds-
tjänst och bild*, Tro och tanke, Svenska kyrkans forsk-
ningsråd 1993:8; Geir Hellemo: *Guds billedbok*, Pax
Forlag, Oslo 1999; Svend Bjerg: *Synets teologi*, Anis for-
lag, Fredriksberg 1999.
- 4 Ikkje minst har Egil Hovland vore ein foregangsperson
på dette området med «Sakkeus» og andre verk som er
tilrettelagt for dramatisering. Norges Kirkesangforbund
og Ung Kirkesang har i lengre tid arbeidt med kyrkje-
musikalsk dramatisering i gudstene-
steleg samanheng,
liturgisk dans og liknande. På denne måten er mange
barn blitt involverte i gudstene-
steli-
v og liturgiske hand-
lingar.

- 5 Jfr. Øystein Bjørdal: «Eit skodespel for verda... Om teater og katekese, Luthersk Kirketidende 9/2000, s. 209ff.
- 6 Joh 1,14
- 7 Ingmar Lindquist har i lengre tid arbeidd med gudstenestespørsmål og kommunikasjon i finsk radio og fjernsyn. «For meg er en levende gudstjeneste en opplevelse av at troen blir synliggjort», uttrykkjer han. Jfr. *Småkirkebladet Kirken Bygger* nr.4/1988 s. 16–19
- 8 Denne kjende maksimen er henta frå Thomas a Kempis berømde bok *Imitatio Christi* (Kristi etterfølgelse...).
- 9 Jfr. Robert W. Jenson: *Visible Words*, Fortress Press, Philadelphia 1978, s.3
- 10 Norsk Salmebok nr.535
- 11 jfr. 1 Mos 19 og Moses på Horeb-fjellet med tornebusken der Gud seier til han: «Eg er den eg er», 1 Mos 3,14.
- 12 Dette er eit hovedmotiv i Prof. Gordon Lathrops bok *Holy Things. A Liturgical Theology*. Augsburg Fortress 1993.
- 13 «Familiemesse» er på oppdrag frå Kyrkjemøtet 1993 vedteke som liturgisk forsøksordning av alle lovlege organ som har med dette å gjere. Ordninga har vore venta lenge, særleg på bakgrunn av barns auka deltaking i nattverd-feiringa. Vi må i denne samanheng berre konstatere den uheldige situasjonen som er oppstått ved at ingen synes å vite kva tid Familiemesse kjem ut. Grunnen synes å vere at forlaget Verbum og Kyrkjerådet, sistnemnde er frå Kyrkjedepartementet delegert ansvar for liturgisakene i Dnk. er usamde om finansieringa. Kunne ein i det minste få be om at ordninga vart lagt ut på www.kirken.no?
- 14 Joh 8,12
- 15 Ørnulf Ranheimsæther skriv i boka *Om tro og vanmakt*, Andresen&Butenschøn, 1998, om lys og blomsters naturlige plass på alteret. Det uttrykkjer skaparverket som takkseieing til Gud, jfr.176ff.
- 16 1 Mos 2,7
- 17 Jfr. Rom 12,1; 1 Kor 6,19 og 1 Peter 2,5
- 18 Jan Oskar Utne: *Tilbedelsens ansikt. Om kroppen, sansene og bevegelsens plass i gudstjenesten*. Liturgisk skriftserie nr.2, Trondheim 1998, s. 11ff. Jfr. Øystein Bjørdal: *Helse, liv og mot. Om ritualer og symboler i hverdag og helse*. Liturgisk skriftserie nr.8, Trondheim 2002, s.63.
- 19 Gudstenesta i høve til kulturspørsmåla var hovedtema i Det lutherske verdsforbundet sitt studieprosjekt «Worship and Culture». Jfr. Øystein Bjørdal: «Gudstjeneste og kultur i dialog. Metodisk introduksjon» i *Halvårsskrift for praktisk teologi*, 2/1998, s.34ff.
- 20 Luk 2,14
- 21 Selma Lagerlöf: *Kristuslegender*, Verbum, Oslo 2002, s. 15ff.
- 22 Matt 2,18
- 23 Luk 4,16
- 24 Matt 4,17
- 25 Mark 10,15
- 26 «... til et åpent liv i tro og tillit». *Dåpsopplæring i Den norske kirke*. NOU 2000:26, s. 47
- 27 Jfr. 5 Mos 4,9f
- 28 Sigmund Harbo: *Barn-domserfaringer og voksentro*, Universitetsforlaget 1989, s.100
- 29 Holger Lissner: *Gudstjeneste for alle sanser*, Unitas Forlag, 1995
- 30 Jfr. note 13
- 31 Trond Skard Dokkas bok *På sporet av Gud*, Oslo 1983 Jfr. også Arne Bakken: «*Den hellige leken*», Kirkerådet 1984
- 32 Jan Oskar Utne: *Tilbedelsens ansikt*, Tapir, Trondheim 1998, s. 65ff.
- 33 Jorun Fougner: *Barnesjel og kristentro*, Tapir, Trondheim 1988.

Sammendrag:

Den liturgiske tradisjon i dei lutherske kyrkjene har vore prega av mange ord. I denne artikkelen vert liturgiens visualitet og nærleiken til grunnelementa framheva. Med fokus på «fødsel og feiring» blir det understreka kor viktig inkarnasjonen og barnet er for å kunne forstå og praktisere liturgi som handling. I gudstenestefeiringa er barnet det mest naturlege av alt. Artikkelen er oppteken av korleis ein tydelegare kan inkludere barn i kyrkjelydens gudstenesteliv, m.a. ved å peike på likskapane mellom leiken og liturgi. Artikkelen inneheld også nokre utdrag av den nye «Familiemesse for Den norske kyrkja».

Mat – i bibel, teologi og i dag¹



AV KARI LEINE BALOG

karil_balog@hotmail.com

1. Mat i vårt samfunn

«Eg meiner no det, at det er maten me lever av», sa ein mann til meg. Eg måtte jo gje han rett i det. Så spelar då mat og haldingar til mat ei viktig rolle i alle kulturar. Også vårt velferds-samfunn, der rikeleg tilgang på mat er sjølv-sagt, er svært fokusert på mat. Maten er fram-stilt/oppfatta både som med- og motspelar for det gode liv.

Med positivt forteikn gjev interesse for mat seg m.a. utslag i at media, særleg vekeblad og TV, fløymer over av mat-stoff, som oppskrifter, kulturhistorie, o.l. Forlag og bokhandlarar forsynar oss med ein flaum av estetisk vakre kokebøker som appellerer til syn og nesten til luktesans. Samstundes har kokkefaget stor interesse. Dessutan har matvanane vorte inter-nasjonaliserte i takt med auka kjennskap til andre kulturar og lett tilgang til utradisjonelle råvarer og kombinasjonar. Poteter kan varierast i det uendelege – heldige oss!

Den enorme interessa for helse og sunnleik gjev stendig nye utfordringar i matvegen. Blod-type-dietten er eit typisk døme, sameleis diettar tilpassa alder og kjønn (ein biff kan vera sunn for meg med min blodtype/alder/kjønn, men du bør nok heller halda deg til kyllingkjøt eller grønnsaker!).

På den andre sida er den daglege kampen for å få nok næring i mange tilfelle erstatta av den daglege kampen for ikkje å få for mykje næring. Det syltynne kroppsidealet smyg seg ned over mange som ei tvangstrøye. Særleg

ungdom har ofte eit uttalt negativt forhold til mat som noko det gjeld å få i seg minst moge-leg av (frå ei undersøking mellom 15 år gamle jenter i 1999: 28 % er på slankekur. Like mange skulle ynskja dei var det. 86 % er mis-nøgde med kroppen). Ved spiseforstyrrelsar syner mat seg som eit sterkt verkemiddel. Måten og omfanget for slike problem er svært karakteristisk for vår tid.

Samstundes er overvekt eit aukande pro-blem.

Ein kan lura på om interesse for matlaging og råvarer innheld ein reaksjon på det tilta-kande automatiserte og industrialiserte sam-funnet, ei søkjing etter gleda ved å koma nærare naturen, og for utfalding av den kreati-vitet som ligg i matlaging?

Vidare spør eg meg om det er symptomatisk for ein kultur som utviklar seg frå hovudsake-leg ødipal til oral livskjensle at mat får ein sten-dig meir dominerande plass? Er overfokusering av mat eit rop om tryggleik, som kan relaterast til spebarnet si ordause verd og før-etiske sta-dium? Mat som lystoppfylling går attende til det tidlegaste orale stadiet, det er absolutt basal behovsoppfylling. Verda vert for komplisert og ein prøver å stengja henne ute og konsentrerer seg heller om mat og det gode gamle, trygge kjøkkenbordet. Er det, med andre ord, saman-heng mellom interesse for mat og dreining frå skuld- til skam-kultur?

I kva grad er mat eit kjærleikssubstitut?

Påfallande trekk

«Folk» si oppleving av synd er i stendig større grad knytt til mat. Er det synd å vera tjukk? Dersom ikkje, kvifor skjemst mange over å vera det og får dårleg samvit om dei et noko dei likar, men ikkje «bør». Jf. at ein i USA stemplar lavkalorimat med «guiltfree». Når eins eigen kropp fyller ein med skam, passar det uhyggjelig godt med «formelen» for oppleving av skam: Eg er feil.

Terminologien rundt mat er påfallande religiøs. Reklametekstar med ordet «fristelse», der det er underforstått at fristelsar er til for at ein skal falla for dei, har ofte bilete av eit eple eller andre allusjonar til syndefallet. Ein annan variant i ein TV-reklame (TV 2?): Til tonane av Händels Halleluja får ein sjå biletet av to tallerkenar, ein med pizza og ein med salat. Over salaten svevar ein glorie, og teksten: «Med litt salat, er du tilgitt.»

Samstundes er det slik at rikeleg tilgang på mat for menneske, skjer på kostnad av ei tingleg-gjering av dyr. Bønder alar ikkje lenger opp kyr og oksar som dei så slaktar, men dei «produserer» kjøt. Men «når skapningen förtingligas, fördärvas den, ty endast i Gud har den någon sorts liv» (Alexander Schmemmann). Eit memento inn i dette er oppstyret rundt dyresjukdommar. Kanskje vil vi i framtida ha lettare for å innsjå at naturen ikkje let seg pressa i det uendelege. Feuerbachs tese frå den filosofiske materialismen; *Der Mensch ist was er isst*, møter oss i døra.

2. Mat rett og slett

Gud har strukturert skaparverket slik at ingen skapning kan oppretthalda livet åleine. «Nur im Austausch mit dem, was wir nicht sind, leben wir» (R. von der Lippe). Menneske vert til inne i kvarandre, og utan stendig tilførsel av mat og drikke som kjem utanfrå, dør vi. Slik står dei ulike delane av skaparverket i teneste for kvarandre.

Maten kjem ikkje av seg sjølv. «Duk – dekk deg» stammar ikkje frå den verkelege verda, men frå eventyret. Den verkelege verda har fått ord i skapingsforteljinga der Gud skapte alt som skulle til, plantar med frø og urter osv., og så gav mennesket i oppdrag å dyrka og forvalta

dette, og eta av det som grodde på marka. Dette er innafor rammene for det som vert karakterisert som «overlag godt» i Gen 1,31.

Syndefallsrealismen kjem seinare til og krev andre ord i tillegg: «Og til mannen sa han: Fordi du hørde på kona di og åt av treet som eg forbaud deg å eta av, skal jorda vera forbanna for di skuld. Med møde skal du næra deg av henne alle dine levedagar. Torn og tistel skal ho bera, og du skal eta av vokstrane på marka. Med sveitte i andletet skal du eta ditt brød, til dess du fer i jorda att; for av henne er du teken.» Gen 3,17–19a.

Å skaffa og laga i stand mat, er ein vesentleg del av kulturoppdraget. Å laga til eit måltid utfordrar og utviklar ein kreativitet som vi har som skaparens medarbeidarar.

Kampen for føda går som ein raud tråd gjennom menneskeslekta si historie. For så vidt lever vi no i ein historisk sett svært atypisk situasjon; når eit heilt samfunn, og ikkje berre privilegerte klassar, kan sleppa bekymringa for livsopphaldet.

Ein norsk mesterkokk har sagt: «Mat er først og fremst nytelse.» Den utsegna går eg ikkje god for. Ho avspeglar overflodsamfunnet altfor tydeleg. Men ho set likevel fingeren på noko viktig. Gud syner seg som både raus og fantasi-full ved å knyta slik nyting og slik variasjon til det vi treng for vårt livsoppehald.

Dette er ei prinsipiell utsegn, ikkje alltid ei praktisk. Ingen synest all mat er god alltid. Men alle kan knyta oppleving av nyting og glede og lystoppfylling til det å eta.

Det reiser spørsmålet om vi eigentleg fortener å ha det godt her i denne verdens jammersdal? Eller er det kristelegast å utsetja fest og nyting til det himmelske festmåltidet? Spenninga mellom ein positiv skapingsteologi og ein «forsakings»-teologi er eit uttrykk for spenninga og dialektikken i å leva i ei verd som både er Guds gode skapning og fallen og underlagt synd og forgjengelegdom. Dermed vert dette eit spørsmål om både gudsbilete og antropologi.

Faren er der alltid for å isolera og overfokusera ei side ved gudsbiletet, gjerne i reaksjon mot tidlegare tiders overfokusering på andre sider. Difor er det avgjerande viktig å halda fast på eit trinita-

risk gudsbilete. Ein skapingsteologi som ikkje tek omsyn til at den bibelske Gud er meir enn Skapar, vert for mager. Skaparen er også lovgjevaren, Frelsaren, dommaren, nyskaparen.

3. Måltid

Eit måltid er meir enn reint inntak av mat. Det vert ei religiøs handling ved at ein takkar Gud for maten, og det vert ei sosial og kulturell handling ved at det utfaldar seg innan bestemte rammer. Både dyr og menneske et. Men berre hos menneske er etinga både natur og kultur.

Eitt vesentleg trekk ved måltid har ikkje vore påakta tidlegare, sidan det alltid har vore sjølv-sagt. Men i vår tid, som er så prega av oppsplitting av fysisk og psykisk nærvær, er det verd å nemna at ein må vera fysisk til stades for å eta saman. Den slags kommunikasjon let seg ikkje driva pr. brev eller telefon eller e-post.

Vi ser ei utvikling der måltidsfellesskap i heimen forvitrar. Mange familiar har få sams måltid. Det er både eit utslag av ein generelt oppjaga livsstil, og ei fylgje av tiltakande samlivsproblem. Nettopp fordi måltidet i utgangspunktet er ein så positiv verdi og så lada med forventningar til heimehyggje og fellesskap, vert det ekstra sårbart når fellesskapet rundt matbordet likevel ikkje fungerer.

Typisk for vår tid er også halv- og heilfabrikata, og fast-food. Det har mange sider. Med gammaldags tidkrevjande matlaging ville samfunnsmaskineriet gå i stå. På den andre sida er ferdigmat med på å fjerna oss frå naturen og vår eigen kreativitet. Jf. Vårt Land 17.11.00: «Burgere bare for ateister. Prestelærer mener fast-food representerer det motsatte av katolisisme.» Prestelæreren Massimo Salani: «Det er en måte å spise på som fullstendig overser at maten er hellig.» Han legger til at den lynraske og individuelle måten å innta mat, til nød kan egne seg for lutheranere.

Bordbøn

Å takka og be for maten, er sjølv sagt både i bibel og i kristen tradisjon. Det er ei stendig påminning om maten sin karakter av gåve, og av samanhengen mellom det åndelege og det materielle.

Nokon spør om maten er heilag. Eg vil svara

nei. Men måltid skal helgast – til og med på gatekjøkkenet!

4. Mat i GT

Guds gode gåve

GT sitt overordna synspunkt er at mat er Guds gode gåve. Både teologi og livsvilkår gjer det sjølv sagt. GT vart til i ein kultur der kampen for føda var ein levande realitet. Ein kunne ikkje unna seg slik destruktiv luksus som å oppfatta mat som noko negativt. Sameleis er skapartrua som gjennomstrøymar GT eit vern mot forakt for skaparverket, og då også mot eit negativt syn på både mat og kropp.

Urhistoria

I urhistoria i Gen 1–11 er det grunnleggjande utsegner om mat. I Presteskriftet si skapingsforteljing i Gen 1,1–2,4 er det sagt til mennesket at dei skal eta av det som veks på jorda (v 29). Det same vert så sagt om dyra (v 30).

Jahvisten si skapingsforteljing i Gen 2,4 ff. plasserer mennesket i paradishagen, der det var rikeleg av godt å eta (v 8–9). Med eitt einaste unntak var det også tillate å eta av alle tre i hagen (v 15–17). Dette unntaket førde så til syndefallet, som altså dreiar seg om ulovleg eting.

Er det signifikant at syndefallet dreiar seg om mat? Teksten seier ikkje noko om det. Eksegesen, i alle fall i vår samanheng, har tradisjonelt lagt vekt på ulydnaden, og ikkje på det som konkret var ulovleg.

Urhistoria i Gen 1–11 vert gjerne sett som ei opphopping og intensivering av synd og fråfall, som kulminerer med Babels tårn. Ulydnad vert fylgt av løgn vert fylgt av misunning vert fylgt av hat vert fylgt av brodermord osv. Men ulydnaden startar med mat, som er ein grunnleggjande foresetnad for vår evne til å oppretthalda livet. Eva dreg på ein fundamental måte kroppen med seg i si synd. Det ein et, går ein bokstaveleg tala under huda. Dersom urhistoria syner ei utvikling i fråfall og synd, startar ho på eit psykologisk sett fundamentalt stadium.

Medan Edens hage var velsigna med rikeleg mat, forandrar biletet seg drastisk når mennes-

ket vert drive ut frå hagen. Gen 3,17–19 plasserer jorda under forbanning. Eit utslag av forbanninga er at maten vert vanskeleg tilgjengeleg.

Mat-tilsagnet i Gen 1,29 har ein parallell og vidareføring i Gen 9,3, orda til Noah etter syndfloden. Medan 1,29 nøyer seg med å gje menneska vegtabilsk føde, er menyen her utvida til også å omfatta «alt som lever og rører seg». Tilsagnet vert vidare fylgt av forbodet mot å eta kjøt med blodet i, og er ein fyrste smakebit på matrestriksjonane, som er så sterke i GT og jødedommen.

Skapingsalmar

At Gud gjev mat, er eit motiv også i skapingsalmar. Salme 104,14–15: «Gras let du gro for dyra, og for menneska vokstrar som dei kan dyrka. Slik let du brødet koma frå jorda – og vinen som gjer menneske glade. Du let andletet skina av olje, og gjev brød som styrkjer mennesket. Herrens tre får slökkja torsten.»

Her står mennesket saman med resten av skaparverket; dyr og plantar (tre!) avhengig av Guds gåver.

Ørkenvandringa

I øydemarka fekk folket manna å eta. Ex 16 og Nu 11. Mannaen vert presentert som ei underfull gåve av Guds godleik. Rett nok bleiknar han gastronomisk mot kjøtgrytene i Egypt, og det var medverkande grunn til stendige konfrontasjonar der Gud straffa israelittane for at dei var utakksame.

Sjølverredømme

Det er eit ideal å ha herredøme over seg sjølv og greia å setja sine fysiske behov til side. Det er fortalt med forakt om Esau at han selde sin fyrstefødselsrett for eit måltid mat, sjølv om han var så trøytt og svolten då han gjorde det, at han trudde han skulle døy. Gen 25,29–34. Dette er endå sterkare understreka i NT.

Mat som etisk problemstilling

«Food is the raw material of labour, also the raw material of the social system itself.» (Encyclopaedia of Religion & Ethics)

Når maten vert vanskeleg tilgjengeleg, vert

han også ei etisk utfordring. Fordeling som tek omsyn til andre sin rett til liv, er forankra i skapartru og antropologi, og belagt gjennom heile Bibelen. Sidan mat er så fundamentalt for å oppretthalda livet, vert utfordringa til å dela mat uttrykk for utfordringa til rett fordeling i det heile. Jes 32,6 er typisk: «For ein dåre talar dårskap, i sitt hjarta legg han vonde planar. Han vil gjera gudlaus gjerning, tala vilt og vrangt mot Herren, la den sveltande sakna mat og den tyrstande mangla drikke.»

Sidan mat er Guds gåve, kan matmangel tolkast som Guds straff eller hardhendte oppdraging når den milde oppdraginga slår feil. Am 4, særleg v 6: «Eg let dykk gå med tom munn i alle byane dykkar og let dykk vera utan brød alle stader der de budde. Men de vende ikkje om til meg, lyder ordet frå Herren.»

Matrestriksjonar

Toraen inneheld detaljerte føreskrifter for lovleg og ulovleg mat. Gen 9,4, Lev 11 og Dt 14,3 ff. Religionen grip veldig sterkt inn i kvardagslivet når han regulerer dietten på den måten. Teologisk er det verd å merka seg at sjølv om mat er Guds gåve, er det ikkje utan vidare fritt fram for å ta uhemma til seg av gåva.

Faste

Faste er å forstå som frivillig fråhald frå næring. Det er på sett og vis eit overskotsfenomen – det føreset at der er mat å forsaka. Faste er kjent i dei fleste kulturar og religionar. Fasta har ein sjølv sagt plass i GT, og kjem ikkje i konflikt med medvitet om at Gud er alle gode gåvers gjevar. Men det medvitet vil likevel halda fasta, og all forsaking, innan rimelege rammer. Eit bibelsk ja til faste føreset eit grunnleggjande ja til mat. Eit ja til mat er eit ja til sin status som skapning.

Faste i GT har ein del trekk sams med omkringleggjande kulturar. T.d. er det praktisert ved dødsfall (typisk døme: 1 Sam 31,12–13), og som middel til kultisk reinsing og innviing (Lev 23,27). Men eit særtrekk ved fastepraksisen i GT er at han er sterkt knytt til bot og sorg, har altså eit sterkt etisk element, og vitnar om vilje til å innordna seg under Guds vilje. Slik vert fråhald frå mat ein konkret måte å gje

uttrykk for at noko er gale, ei understreking av at faste er å halda seg frå noko som i utgangspunktet er godt.

I ein klasse for seg står dei tre 40-dagars fastene som er fortalt om i Bibelen. Eg går ikkje inn på dei her.

Fastekritikk

I etterrettslik tid vart faste ein stendig viktigare del av gudsdyrkinga. Dermed auka også freistinga til å bruka faste som ein reint ytre skikk. Ut frå GTleg teologi seier det seg sjølv at faste utan etisk besinning er ein måte å riva det ytre og det indre frå kvarandre på, og er verdiløst overfor Gud. Sidan ein signaliserer vilje til å ta Guds bod på alvor ved å fasta, vert synda desto verre om ein likevel lever slik i si faste at den fattige må sakna brød. Dette vert skarpt kritisert, sjå særleg Jes 58,1 ff. der profeten blankussar fasta sin etiske dimensjon.

Mat i sosial og religiøs samanheng

Måltid

Måltidet spelar ei viktig rolle i GT, som i dei fleste kulturar. Måltidsfellesskap gav grunnlag for gjestevenskap, som gav verten sterke plikter overfor gjestene, og dei overfor han ved eventuell seinare vitjing. I Gen 18,1–8 er det fortalt i detalj om då Abraham fekk tre gjester og laga til mat til dei. Denne episoden er brukt i Hebr 13,2 som eit førebilete på gjestfridom. Jf. også den dramatiske forteljinga i Gen 19 om Lot og hans gjester, der Lot var villig/forplikta til å betala dyrt for sin gjestevenskap.

Offer

Maten sin sentrale plass i gudsdyrkinga i GT er svært tydeleg ved offeret. Frambering av offer er basis for tempeltenesta, men er mykje eldre. Offerlover er samla i Lev 1–7. Offeret var alltid mat, og maten skulle vera av beste slag. Det er nærliggjande å ta det som eit konkret uttrykk for at mennesket er avhengig av Gud for sitt livsoppehald at det alltid er mat som skal ofrast. Offermaten var dessutan mat for prestane og for dei ofrande sjølv.

Den gammaltestamentlege Gud skulle ikkje ha mat fordi han trong det for å oppretthalda livet og få kraft og styrke (Ps 50,9–13). Gud er

ikkje avhengig av det han har skapt. Men i religionshistoria er det ein vanleg tanke at guden må hjelpast til kraft gjennom offer.

Offeret kan sjåast under tre synsvinklar: Det er ei gåve, det fremjar samfunnet med Gud, og det gjev soning. Når fellesskapet mellom Gud og menneske vert krenka av mennesket si synd, må det berast fram offer. Eit viktig element ved offerkulten er måltidet. Sjå t.d. Ex 24.

Påskemåltidet

Påskefesten og påskemåltidet (jf. Ex 12) er svært viktige i GTleg og seinare jødisk gudsdyrking. Både usyra brød, bitre urter og påskelammet er ufråkomeleg. Påskemåltidet i GT er eit offermåltid, eit minnemåltid og eit fellesskapsmåltid. Sidan fekk det også eskatologisk farge. Dei ulike rettane har sterk symbolverdi.

Det himmelske festmåltidet

Ein av dei få stadene i GT som heilt klart sprengjer grensene for denne verda, skildrar eit himmelsk festmåltid. Jes 25,6–8. Frelsa er altså ikkje tenkt som det å ikkje lenger ha bruk for det som gjer jordelivet så strevsamt (som i seinare gresk tenkjing), men som overflod av det beste skaparverket har å by på, med Gud som gavmild vert.

5. Mat i NT

NT representerer ikkje noko brot med GT i den grunnleggjande oppfatninga av mat. På nokre felt er det likevel skilnader, og det er annleis vektleggjing.

Guds gode gåve

Det daglege brød – Fadervår

Fadervår er den kristne mønsterbøna (Matt 6,7–13. Luk 11,1–4). Det er ein djup samanheng mellom det å venda seg til Gud i bøn, og det å vita at ein treng dagleg brød. Begge deler er ei erkjenning av å vera avhengig og ei fortroysting på Guds omsorg.

Jesu brønder

Alle evangelia fortel om Jesu brønder i øyde marka (Matt 14,13–21. Mark 6,30–44. Luk 9,10–17. Joh 6,1–15). Mønsteret er greitt: Folket

treng mat – Jesus brukar si (skapar)makt og gjev dei mat. Parallellen til mannaen i øydemarka er tydeleg.

Mat som etisk utfordring

Forpliktinga til å dela med dei som har for lite, er tydeleg uttalt i NT. I den store domsscena i Jesu likning i Matt 25,31–46, startar oppramsinga av frikjennings- og fordømningskriteria med forvaltninga av mat. «Eg var svolten, og de gav meg mat ... eg var svolten, men de gav meg ikkje mat ...» Sjå også Jak 2,15–17, der vilje til å gje nesten det kroppen treng, er kjenneteiknet på om trua er levande eller død.

Takkebon før måltidet

I nytestamentleg tid vart eit kvart jødisk måltid innleidd og avslutta med velsigning. Husfaren braut brødet og delte ut ei leiv til kvar. Tankegangen er at når deltakarane et dette brødet, får dei del i bordvelsigninga på ein synleg og konkret måte, som sameiner dei med kvarandre og med Gud.

Nattverden

Påskemåltidet og det daglege måltidet har same grunnstruktur, men påskemåltidet er likevel heilt spesielt. Nattverden er innstifta innafor påskemåltidet sine rammer (1 Kor 11,23–26. Matt 26,26–29 par.), han tek opp i seg alle element frå påskemåltidet, men utvidar det og knyter det til Jesus.

Det himmelske gjestebodet

Jesu samanlikna frellestilstanden i Guds rike med eit kongeleg bryllaup (Matt 22,1–14 o.a.). Festen med overflod av mat og drikke er det fremste biletet på himmelen, her som i Jes 25,6–8.

Oppstode av lekamen

Skapartrua er eit berande element i trua på lekamleg oppstode. I Luk 24,36–43 et den oppstadne Jesus fisk og honningkake for å syna at han ikkje er ei ånd. Meininga kan ikkje vera at Jesus etter oppstoda treng mat på same måten som før, men at oppstoda inneber noko vesentleg meir kroppslig, konkret enn at ei blodlaus «sjel» endeleg kjem fri frå lekamen og lever

vidare i eit åndeleg tilvere (som Platon og seinare hellenistisk filosofi).

Det nye ved evangeliet demonstrert ved mat: Jesu måltidsfelleskap

Bordbøna gjorde eit måltid til ei religiøs handling, der bordfelleskapen også inkluderte Gud. Når farisearane ikkje kunne eta saman med folk som dei betrakta som ureine, var det fordi dei såg det som ei profanering av det heilage. På denne bakgrunnen vert Jesu måltidsfelleskap med tollarar og syndarar (Matt 9,11 o.fl.) sjokkerande og revolusjonerande.

Faste

Jesu problematiserer ikkje faste i og for seg. Han fasta sjølv 40 dagar i øydemarka (Matt 4,1–11). Han følgjer opp profetane sin fastekritikk og manar til samanheng mellom ytre og indre gudsdyrking (Matt 6,16–18), men også der heiter det «når de fastar ...» ikkje *dersom*. Likevel set han faste for sine disiplar på «vent». Matt 9,15 og Mark 2,19–20. «Kan bryllaupsgjestene fasta/syrgja så lenge brudgomen er hjå dei? ... (seinare) då skal dei fasta.» Sorg og faste høyrer saman, men Jesu nærvær og sorg høyrer ikkje saman, difor skaper hans nærvær ein unntakstilstand der faste ikkje passar inn. Denne avvisinga er altså kristologisk og frelseshistorisk å forstå.

Matføreskrifter

Ulike matføreskrifter, både frå Toraen og tradisjonen, var svært levande på Jesu tid. I Matt 15,1–10 kjem Jesus opp i ein stridssamtale med farisearane om kvifor han ikkje overheldt desse. Jesu svar: «Det som kjem inn i munnen, gjer ikkje eit menneske ureint», kan tyda at han prinsipielt oppheva skilnaden mellom rein og urein mat.

Acta 10 om Peter og Kornelius gjev ei levande skildring av det grensesprengjande ved å eta urein mat og ha måltidsfelleskap med heidningar.

Også Paulus har oppgjer med føreskrifter om rein og urein mat. T.d. 1 Kor 8 om kjøtt som var ofra til avgudane, særleg v 8: «Men mat fører oss ikkje nærare Gud...» Vidare 1 Tim 4,3. o.a.

Kol 2,16–23: «så lat då ingen døma dykk for

det de et eller drikk...» Dette forsvaret for kristen fridom refererer seg både til jødiske lover og skikkar og til dualistiske gnostiske strøymingar. Der er tanken at materien i seg sjølv er vond, og det er eit mål å frigjera seg frå han. Streng askese vert naudsynleg, ikkje minst når det gjeld mat.

Sjølverredømme

Mat er eit gode, men for mykje mat vert for mykje av det gode. At sjølverredømme er eit ideal, og at haldninga til mat spelar ei rolle i den samanheng, er svært tydeleg i NT, særleg i brevlitteraturen. Her er konteksten også hellenistisk filosofi, der den ytre kroppen er ein spegel av det indre menneske. Brevva er fulle av oppmodingar til å ha herredømme over seg sjølv. Ein av dei sterkaste tekstane som knyter dette til mat, er 1 Kor 15,32–34. «...dersom ikkje dei døde står opp, så «lat oss eta og drikk, for i morgon døyr vi» (sitat frå Jes 22,13). Dyrking av mat og jordiske gleder står som motsetningen til å leva eit liv med tanke på oppstoda. Sjå også Fil 3,18–19 om dei som har «magen til gud», og Rom 16,17–20, dei som «tener ikkje vår Herre Jesus Kristus, men sin eigen buk ...» Korleis ein lever med magens ynskje og behov, er eit teikn på eins åndelege identitet.

6. Er det noko å henta for oss i dag?

Mykje av det eg har skrive her, er sjølvsagt. Det vil ikkje gå som eit hevreakt gjennom verda at eg har oppdaga at mennesket treng mat for å leva. Men det kan stundom vera verdifullt å stoppa opp ved det sjølvsagde.

Framleis er vi Guds skapningar, plasserte på denne fysiske jorda med kropp og sjel, laga av arvestoff frå alle generasjonane som har gått føre oss. Vi må ha foreldre for å verta fødde, vi må ha luft for å pusta og mat for å veksa. Framleis er det slik at alle må døy.

Det er viktig å bera fram fridomen som ligg i å godta dei livsvilkåra som er gjevne. Ein vert korkje friare eller gladare av å utvida og oppheva grenser som ligg innbakt i sjølvstrukturen for livet. Dette utfordrar kravet til autonomi som pressar seg på oss, og set oss i valsituasjonar som vi ikkje burde hatt. Vi skal sleppa å skapa oss sjølv, Gud har alt gjort det.

Det destruktive i å ikkje godta dei grensene som er nedlagde i skaparverket, vert så veldig tydeleg når det gjeld mat. Ironisk at når ein nesten har greidd å gjera seg sjølvstendig og frigjera seg frå sine grunnvilkår, fører det rakt inn i eigen død. Så høyrer då også tradisjonelt åtvinginga mot hovmot saman med faste.

Det er urovekkjande lett å plassera Pauli uttrykk om å ha «magen til gud» (Fil 3,19) på vår samtidskultur. Konsentrasjon om kropp, mat og helse in absurdum er overveldande til stades. Det same er dårlege frukter av ei slik gudsdyrking.

Skal kyrkja ha noko å seia inn i dette, er det for lettvent å vera einsidig fordømande. Det er i høg grad kristeleg legitimt å ha omsut for kroppen, som Guds skaparverk. Det er når «magen» kjem i Guds stad, det ber gale av stad. Det er eit spørsmål om å halda fyrste bodet. Difor må kyrkja ha noko å seia, for all slags avgudsdyrking grip rett inn i det som kyrkja er sett til å seia noko om. Dessutan gjeld dette mange ulukkelege menneske, både utanfor og innanfor kyrkjelege krinsar. Det er godt og viktig i ein kroppsdyrkande og ekstremt individualistisk kultur å gje menneske eit fundament for livet som set både kropp og sjel inn i samanhengar som gjev perspektiv og tilhøyring utanfor eins eigen kropp.

Det sjølverredømmet som mange syner når det gjeld mat og kropp for å oppnå ein svært kortsiktig gevinst, manar til ettertanke for ei kyrkje som er underlagt Pauli formaningar om å «strida den gode striden». Jf. 1 Kor 9,24–27.

Frelsesforståing

Trua på oppstoda av lekamen, og det bibelske festmåltidet i himmelen som uttrykk for frelse har framleis sprengkraft i seg i forhold til ein immateriell måte å tenkja «frelse» og evig liv på. Vår tid gjev også rom for den gnostiske avvisinga av kroppen og det fysiske. Kroppsdyrking og kroppsfornekting kan gå hand i hand.

Praktisk tala

Ei blankpussing av maten si sentrale rolle i kristen tenkjing/tradisjon er ikkje minst ei utfordring i dåpsopplæringa. Tida si sans for ritual og seremoniar, og for eldre og fjernare

former for gudsdyrking, spelar på lag med auka medvit om maten sitt potensiale i kyrkjeleg bruk. Fortener ikkje det gamle slagordet *Kinder, Küche und Kirche* å få nytt innhald?

Mat på bibelsk vis

Bokstaveleg tala er det noko å henta i Bibelen; matoppskrifter! Det finst bibelske kokebøker, og helseforretningar sel «Esekiel-brød». Ein bi-effekt av å prøva seg på matlaging etter bibelsk mønster, er at ein vil erfarar at ein av dei viktigaste ingrediensane i vellukka matlaging, er rikeleg tid. I eit instant-samfunn er det godt å ta med seg.

Gjestfridom

Vi har mykje å henta i gjestevenskapen frå Bibelens kultur, og for den saks skuld frå mange kulturar. Ingen er vel sterkare enn Jesus, både i ord og gjerning. Luk 14,12-14: «...når du vil halda gjestebod, så bed fattige, vanføre, lame og blinde...» Det er djupt evangelisk å opna heimen og matbordet sitt for andre, ikkje minst når vi veit at mange er einsame, og at menneskeleg kommunikasjon i stendig større grad vert fjern-kommunikasjon. Gjestfridom er også gjenklang av den rause Gud som deler ut sine gåver.

Bordbøn

Eit konkret verkemiddel for å halda oppe ei kristen haldning til mat, er å blankpusa skikken med å be bordbøn. Det er lett å gløyma at maten er ei gåve når ein vassar i han og spørsmålet ikkje er om ein får dagleg brød eller ikkje, men kor raffinert «brødet» skal gjerast før det finn nåde for våre augo og munnar.

Respekt for maten

Eit anna verkemiddel er å både behandla og omtala mat med respekt. Jf. 1 Tim 4,3-4. Det må tilkjempast og bevisstgjerast, og der har vi no ei langt tyngre oppgåve enn tidlegare.

Tidstypisk uttrykksmåte: I ei bok om forming såg eg ein gong trolldeig, altså mjøl, vatn og salt-blanding, klassifisert under «ting en kan lage av verdiløst materiale». Ein slik ordbruk fremjar forakt for mat. Hadde forfattern tenkt seg om, ville ho nok sett at mjøl, vatn og

salt er meir verdifullt enn all dyr plastilin til saman.

Å behandla maten med respekt tyder også å ikkje kasta når det ikkje er nokon grunn for det. Jf. Joh 6,12-13: Etter at Jesus hadde synt slike suverene krefter at han metta (langt over) 5000 med fem byggbrød og to fiskar, brydde han seg likevel med å samla saman restane «så ingen ting går til spille».

Vi lever i eit bruk og kast-samfunn som sløser med det aller meste. Mat utgjer ein stendig mindre del av det vi bruker tid og midlar til. Er det ikkje då bakstreversk og hyklerisk å leggja så mykje vekt på ressursbruken akkurat rundt maten? Her kan det svarast både ja og nei, men mest nei. Det som dreiar seg om mat, dreiar seg samstundes om sjølve vilkåret for vår eksistens. Difor er det meningsfullt at ei etisk bevisstgjerung på forbruk tydeleg inkluderer det å framelska respekt for maten. Det er ikkje så dumt å starta i sentrum.

Vår velferd er ikkje akkurat einerådande på jorda. Ressurane er uhyggeleg ulikt fordelt, og forholda er så store og kompliserte at det lett vekkjer avmaktskjensle, det er vanskeleg å sjå vegen frå mitt personlege forbruk til verda si naud. Ære vere aksjonar som fokuserer på noko handgripeleg, som satsinga på «rettferdig kaffi». Det er ein god start. Når det gjeld etikk knytt til vår bruk av råvarer, er det mykje å ta av.

Mat i rituell samanheng

Kyrkjeåret

Frå gammalt av dreiar kyrkjeåret seg i stor grad om mat. Variasjon mellom dagar med god mat og dagar utan mat, syner ein gudgjeven rytme og variasjon, der livets drama utspelar seg også i menyen. Dette hjelper til å knyta det fysiske og det åndelege saman. At mat er Guds gode gåve, vert understreka av at glededagar, som sundagen, ikkje er fastedagar. Kanskje er den tradisjonelle sundagsmiddagen den mest livskraftige resten av skilnaden mellom dagar for faste og dagar for fest?

Å bruka mat til å markera kyrkjeåret passar best rundt jul, og i fastetid og påske. Der er mange dagar som har lang historie i forhold til mat; fastelavn, feitetysdag, oskeonsdag, lang-

fredag ... Bollar og egg har lang tradisjon. Det same har mat-tradisjonar rundt jul. Adventtida er også gammal fastetid, og torsk og graut som julaftanmiddag er eit minne om fastematen.

Fastetida er ei tid for forsaking og faste, og ei tid for å fokusera på nesten sine behov. Aksjonar som Kirkens Nødhjelps *Brød for verden* står i lang fastetradisjon. Det ville styrkja både dei einskilde og kyrkja som heilskap om fleire tok opp faste i bokstaveleg forstand. Der er det mange grader. Heilt fråhald frå mat i periodar er ikkje å forakta. Nokon legg bort nyttingsmiddel som tobakk og kaffi, og/eller et enklare mat. Faste har verdiar i seg som ein ikkje kan oppdaga utan å praktisera det. Kristen faste er ikkje ein ego-trip, men noko som skal tena heile Kristi lekam.

I meir light variant går det an å tydeleggjera fastetida ved å slanka kyrkjekaffiar og andre samkomer.

Også andre dagar kan markerast med mat. Bots- og bededag er ein opplagt fastedag. Hausttakkefesten kan det gjerast mykje ut av.

Det jødiske påskemåltidet i kristna utgåve har breidd om seg dei siste åra. Denne bruken av maten sin tydelege symbolverdi i ein rituell kontekst, er ei nyoppdaging. Erfaringane tilseier at det er djupt meningsfullt å fylla ritual med mat og mat med ritual.

Ved nattverden er det ei stor utfordring, både teologisk og pedagogisk, å utdjupe det konkrete måltidsaspektet. Det kunne gje ei oppvurdering av maten og det skapte som Guds gode gåve, som har som mål å syna vidare til gjevaren.

7. Sluttord

Det finst ei jødisk legende om ein som fekk sjå inn i helvete, og så inn i himmelen. Begge stader sat folk i rekkje og rad rundt eit langbord som var fullt med dei beste rettar som tenkjast kan. I helvete såg alle utsvelte og dødsens fortvila ut. Det var ikkje rart, for alle hadde noko gale med armene, så dei greidde ikkje å bøya albogane. Ingen fekk i seg noko, dei var dømde til å berre sitja og sjå på det gode som magen skreik etter. For evig. I himmelen var det heilt annleis stemning rundt bordet, slik ein kunne forventa. Alle åt og lo og var glade. Men ved nærare ettersyn hadde alle der òg den same fei-

len med armene. Ingen greidde å bøya albogane og få hendene opp til munnen. Men der rekte dei armene ut over bordet og metta dei som sat rett overfor.

Kva var det dei kunne i himmelen som dei ikkje kunne i helvete? Å dela, sjå andre sine behov og gjera noko med dei. Til og med når ein har det same behovet sjølv, utan å kunna dekkja det. Men dei hadde også evne til å våga å opna seg for å ta mot av andre. Ta risken på å syna tillit. Det er intimt og sårbart å la andre stappa mat i munnen på seg. Ein himmeltilstand.

Dei som kunne leva med å vera avhengige og likevel sjå nesten sine behov, fekk liv. Dei som verken var villige til å gje eller til å få, kunne til slutt berre hausta død.²

Aktuell litteratur

- Balog, Kari Leine: *Med kropp og sjel. En bok om faste*. Verbum 2000
- Balog, Kari Leine: «Å be med magen» i *Over Alt 3.98*
- Jeremias, Joachim: *New Testament Theology. Part One: The Proclamation of Jesus*. SCM Press Ltd, London. 1971
- Kiplesund, Knut Meinert: *Jesu bordfelleskap med tollere og syndere hos Lukas*. MF. Spes. avh. 1985 II.
- Luther, Martin: *Store katekisme (1529)*. Etter prof. P.W. Bugges utgave, Det evangelisk-lutherske kirkesamfunn. 1952?
- Malm, Magnus: *Fotspor i glassrappen*. Oslo, Luther 2000
- Moltmann, Jürgen: *Gott in der Schöpfung. Ökologische Schöpfungslehre*. Chr. Kaiser Verlag 1985. Kap. IX: «Gottes Bild in der Schöpfung: Die Menschen.»
- Ringgren, Helmer: *Israels religion*. Svenska bokförlaget 1965
- Sandnes, Karl Olav: «Kroppen som tegn hos Paulus. Om magens sug.» *Foredrag ved etterutdanningskurs for prestar*, MF mars 2000
- Schmemmann, Alexander: *För världens liv*. Bokförlaget Pro Veritate, Uppsala 1976 (Originaltittel: *The world as sacrament*)
- Illustrert norsk bibelleksikon*. Oslo 1969. Red.: Thoralf Gilbrandt
- Theological dictionary of the New Testament*. Kittel.

Noter

- Artikkelen byggjer på oppgåve til etterutdanningskurs ved MF: SPP – Element III 2000–2001. Livsmening og frelsesforståelse: Bibelsk og systematisk-teologisk syn på mat, sett i relasjon til haldningar til mat i vår postmoderne kultur.
- Det var vellukka då eg dramatiserte dette med karamellar utover bordet i barneklubben. Nokon kom til og med på «løysinga» av seg sjølv.

Sammendrag:

I denne artikkelen skisserer eg nokre trekk og problemstillingar som avspeglar seg i haldningar til mat i vårt samfunn. Eg gjev og nokre prinsipielle synspunkt på mat og måltid, og undersøker så korleis mat opptre i Bibelen. Til slutt vurderer eg kva det er å henta i teologien i møte med vår tids problemstillingar, både teoretisk og praktisk. Vona er at auka medvit om mat kan gjera både tru og kyrkjeår meir konkret og handgripeleg. Dette ser eg ikkje minst som ei utfordring for dåpsopplæringa.

«Gudshistoriene ender alltid godt!»

Trosfortellinger i bibelgruppe



AV TOR TORBJØRNSEN

Storbjr@chello.no

«Dette er en av gudshistoriene, og de ender alltid godt!»

Trøstende kommentar fra en elev til en annen når de hører historien om at Abraham skulle ofre Isak.

1. Innledning

I forbindelse med at jeg høsten 1994 utarbeidet doktorgradsprosjektet mitt som stipendiat i Kreftforeningen – det hadde da arbeidstittel «Gudsbilder, selvbilder og sykdomsoppfatninger i lymfekreftpasienters trosfortellinger» – fikk jeg behov for å finne ut hvordan *trosfortellinger* så ut når de ble fortalt av noen som ikke var (kreft)pasienter. Jeg skulle undersøke syke, kriserammede menneskers trosfortellinger, men hvordan så noen «normale» norske trosfortellinger ut?

Det som da var det nærmestliggende for meg, var å foreslå at vi i den bibelstudiegruppen jeg hadde vært med i i flere år fortalte hverandre våre troshistorier. Det ville de andre gruppe medlemmene være med på. Gruppen besto den gang av i alt syv medlemmer, fire kvinner og tre menn, alle aktive kirkekristne, yngre middelaldrende med yrkesbakgrunn som sykepleiere, sosionom, samfunnsviter, informasjonsteknolog og prest (meg selv). Det var to ektepar i gruppa. Vi fortalte hverandre våre troshistorier som jeg her framlegger analysen av. At jeg inkluderer meg selv i dette, er forskningsmessig uvanlig, men jeg forsvarer det med at min troshistorie hørte med til gruppa, og uten min, ville gruppa ikke vært fullstendig. At jeg også ville få et troverdighetsproblem hvis

jeg skulle be de andre fortelle, men ikke ville gjøre det selv, hører også med.

I ettertid har jeg også sett at en slik undersøkelse som den jeg her gjør rede for, selv så liten den er, kan bidra til å fylle ut det empiriske tomrom som eksisterer i bibelfaglige, systematisk-teologiske, religionspedagogiske og praktiske teologisk/sjelesorgfaglige utlegninger om sammenhengen mellom bibelfortelling og livs/trosfortelling (Bjerg 1981, Capps 1998, Gravem 1996, Henriksen 1999, Hvalvik og Stordalen 1999, Kvanvig 1999, Mogstad 1997, Skjevesland 1999).

2. Hva er en trosfortelling?

En trosfortelling eller troshistorie (jeg bruker ordene synonymt) er den fortellingen et menneske har om sin tro. Det går også an å si at det er en religiøs (selv)biografi hvis man vil bruke en litterær klassifikasjon, men jeg velger til mitt bruk å låne en sosiologisk tilnærming og se troshistorien som en del av et menneskes *livshistorie*. En livshistorie er «en skapende akt hvor man forsøker å gi en meningsfull oversikt over et livsløp» (Thorsen 1998:31). At trosfortellingen er en del av livshistorien er tydelig på to måter. For mange vil nok trosfortellingen representere et uintegrert, sektorisert og ofte også marginalisert perspektiv på egen livshistorie,

svarende til religiøsitetens plass i det «moderne» samfunn (Repstad 2000, Hvalvik/Stordalen 1999:448). Men også der hvor troen preger hele livet til et menneske, og er bestemmende for hele livshistorien, vil trosfortellingen antakelig være slik at vesentlige deler av livshistorien enten faller utenfor eller kommer i skyggen av det perspektivet man har når man forteller sin troshistorie. Jeg regner med at for eksempel arbeidsliv og idrettsliv er felter som lett vil falle utenfor et religiøst perspektiv.

Forskjellige livsfaser vil ha forskjellig betydning for trosfortellingen, og derfor få forskjellig plass i den. Livets problemer og gleder vil også reflekteres inn i troshistorien på forskjellig vis, alt ettersom hva den enkelte har opplevd, og hvordan det har blitt oppfattet. Samtidig som trosfortellingen er en delhistorie, vil den også være et perspektiv på hele historien et menneske forteller om sitt liv.

3. Problemstillinger

I arbeidet med trosfortellinger i bibelgruppe ville jeg finne svar på følgende spørsmål:

- 1) Hvilket innhold har fortellingene trosmessig og livshistorisk?
- 2) Er trosfortellingen innordnet i den kristne grunnfortelling?
- 3) Hvilken betydning har religiøs mestring i fortellingene?
- 4) Hvilke fortellingsstrukturer, sekvenser, finnes?
- 5) Hvilke fortellingstyper, plot eller handlingsutviklinger, finnes?
- 6) Hvordan omdannes trosopplevelser til trosferfarer?
- 7) Hvor ligger det emosjonelle tyngdepunkt i fortellingene?

4. Presiseringer av problemstillingene

Av presiseringer som trengs for å finne svar på problemstillingene er det til spørsmål 1) «Hvilket innhold har fortellingene trosmessig og livshistorisk?» å bemerke at det er det kognitive trosinnholdet jeg ser etter, både slik det framtrer abstrahert, dogmatisk, og slik det framtrer i fortellerens framstilling av sitt trosliv. Men ettersom «det dogmatiske» opptrer i livshistorisk kontekstualisering, er det også viktig å

se hvilke livshistoriske epoker, arenaer og problemer som tematiseres i fortellingene.

Til spørsmål 2) «Er trosfortellingen innordnet i den kristne grunnfortelling?» er det en sjelsesørgerisk og religionspedagogisk problemstilling som er aktuell, med den danske narrativeologen Svend Bjergs (1981) formulering om den kristne grunnfortelling. Den enkelte troende innenfor de forskjellige trostradisjoner (religioner) vil som følge av at de har internalisert og senere eksternalisert sin trostradisjon (Hvalvik/ Stordalen 1999:445f), være i stand til å relatere sin egen «lille» troshistorie i forhold til tradisjonens «store» fortelling. Svend Bjerg kaller den kristne store trosfortelling for «den kristne grunnfortelling», som også er tittelen på hans doktorgradsavhandling (Bjerg 1981). Andre kaller den samme fortelling den kristne universalfortelling (Hvalvik/Stordalen 1999: 446;448).

Det er to måter den enkeltes tro kan tilordnes den kristne tro, enten som en trosmessig dogmatisk tilslutning til den kristne tro (f. eks. «Jeg tror på Gud» eller «Jeg er frelst av nåde») eller som en fortellende akt, hvor den troende forteller sin historie som en del av den kristne grunnfortelling (f.eks. «Gud har vært med meg» eller «Jeg vil leve i Guds plan med mitt liv»). Det er mulig å kalle dette henholdsvis paradigmatisk og narrativ tilordning (til språkb Bruken se f.eks. Kirkevold 1993:59).

Forholdet mellom den enkeltes «lille» trosfortelling og den kristne «store» grunnfortelling kan ha flere sider. De vil først og fremst oppfattes som to forskjellige fortellinger, Bibelens og kirke(histori)ens fortellinger på den ene siden, og den enkeltes egen troshistorie på den andre siden. Men de kan også være gjensidig flettet inn i hverandre, både slik at den store inkluderer den lille, at den lille inkluderer den store, og at den lille fullfører den store.

Problemstilling 3) «Hvilken betydning har religiøs mestring i fortellingene?» er stilt med bakgrunn i en viktig problemstilling i avhandlingsarbeidet mitt. For troende som er i store livsvansker som f. eks. livstruende sykdom, er de religiøse mestringsmåtene som blir brukt tydelige å se. Hvor tydelige er de i «vanlige» troshistorier? Dette spørsmålet refererer seg til

Kenneth I. Pargaments arbeid med religiøs mestring (Pargament 1997) som jeg bruker i avhandlingsarbeidet mitt som nå heter «Gud hjelpe meg! Hodgkinspasienters religiøsitet og religiøse mestring».

Til problemstilling 4) «Hvilke fortellingsstruktureringer, sekvenseringer, finnes?» er det viktig å innføre begrepet sekvensering. En sekvens er en handlingsenhet. Helt siden Aristoteles (384–322 f.Kr.) i ΠΕΡΙ ΠΟΙΗΤΙΚΗΣ XXIII definerte en fortelling som bestående av en begynnelse, midte og en slutt, har det vært viktig å se hvordan fortellere bruker i hovedsak tre forskjellige måter å sekvensere på. Det er *kronologisk sekvensering*, *årsak-følge sekvensering* og *tematisk sekvensering*. I den kronologiske sekvensering følger begivenhetene etter hverandre i tid, i årsak-følge sekvenseringen er den ene hendelsen forårsaket av den foregående og forårsaker den følgende, og i tematisk sekvensering er det det tematiske innhold mer enn tidsrekkefølge som strukturerer fortellingen (Riessman 1993:17). Jeg er følgelig interessert i å se hvilke former for sekvensering vi brukte i bibelgruppa da vi fortalte våre troshistorier.

Til problemstilling 5) «Hvilke fortellingstyper, plot eller handlingsutviklinger, finnes?» spørres det etter hvilke former for plot eller handlingsutvikling fortellingen representerer. Her er det mulig å bruke opprinnelige litteraturkritiske begreper som *romanse*, *komedie*, *tragedie* og *satire* slik de er brukt i narrativ, kvalitativ forskning (f.eks. Lieblich et al. 1998:89). Disse begrepene har da en annen betydning enn i dagligspråket: en *romanse* er en fortelling der hovedpersonen møter en rekke utfordringer fram mot målet eller seieren, og hvor fortellingen «ender godt» selv om det kan være betydelige problemer underveis. I *komedien* er det overordnede mål å restaurere en opprinnelig rettferdig ordning, og hovedpersonen må ha de nødvendige ferdigheter for å kunne oppnå dette. I *tragedien* blir hovedpersonen slått ned av onde makter og utstøtt av samfunnet. I *satiren* er det et kritisk, for ikke å si kynisk perspektiv som farger fortellingen som gjerne inneholder angrep på og kritikk av autoritetspersoner. Hvilke plot er anvendelige i en kristen trosfortelling?

Eg har sett etter tradisjonelle roller frå Bibelen: Herold, evangelist, lærar, hyrde/ sjelesørgar o.s.b. (Skjevesland s114–128) fordi desse rollene krev motroller som tilhøyraren går inn i: frelsesøkjande til evangelisten, elevar til læraren, undersätter/ tenarar til herolden, sau/konfident til hyrden.

Eg har og sett på korleis forholdet prest og tilhøyrar vert uttrykt, til dømes som eit kompetanseforhold eller autoritetsforhold (Wenzel s30 og s204–211). Her har eg og sett på kva slags autoritet presten viser ved hjelp av den interpersonelle modaliteten i direktiv (Svennevig s176), altså den grad av påtrykk som vert uttrykt i ein appell, om presten nyttar bydande utsegner (t.d. må) eller rådande utsegner (t.d. kan).

II. Kva skjer i preika?

5. Funn av inkluderande og ekskluderande element

Når ein inkluderar gjev ein signal som gjer at tilhøyraren forstår at det er han/ho ein vender seg til. Dersom noko i det som vert sagt inneheld signal om at tilhøyraren ikkje tilhøyrer den gruppa som ein ynskjer å venda seg mot, ekskluderar ein. Dette kan vera både medvitne og umedvitne signal. Eg har kalla desse signala for grensestolpar. Eg har leita etter det i preikene som kan fungera som grensestolpar. Her vil eg ta for meg dei viktigaste som eg har funne i desse preikene: Tema, føreset kunnskap, startpunkt for argumentasjon.

5.1 Tema

Val av tema er ein klar indikator på kva tilhøyrarar presten ser for seg. Både prest 2 og 3 har den same preiketeksten, Jesaja 60,1–6, men medan prest 3 har forventning rundt årsskiftet som hovudtema, har prest 2 lagt vekt på å formidla kunnskap om Jesajaboka og bibelteologiske utleggingar. Dette tyder på at prest 2 ser for seg ei tilhøyrargruppe som har kunnskap om Bibelen og vil ha meir opplæring, altså det me vanlegvis vil forbinda med kyrkjevante eller «den indre kjerne». Prest 3 legg stor vekt på allmenne kjensler og ser for seg ei tilhøyrar-

gruppe som treng å få sine kjensler tolka i lys av teksten og knytta saman med trua på Gud. Dei har eit inntrykk av og eit kjennskap til Jesus, men treng ikkje ha ei klar vedkjenning, det me ofte forbind med kyrkjeuvante eller «gråsonen».

5.2 Føresett kunnskap

Her er tre ulike måtar som preikene stiller krav om førehandskunnskap, slik at den tilhøyrar som ikkje har kunnskapen kan kjenna seg utanfor.

5.2.1 Spesiell bruk av ord og bruk av spesielle ord

Forståinga av det som vert sagt i preika er avhengig av at tilhøyraren veit kva ord som høyrer saman, og kva assosiasjonar som er knytt til orda i den samanheng dei vert bruka. Dette treng ikkje vera ord eller omgrep som er vanskelege i seg sjølv. Men slik dei er bruka i preika stiller det slike krav til tilhøyraren sin bakgrunnskunnskap og evne til å trekka slutningar at ein tilhøyrar utan denne kunnskapen ikkje vil kunna følge med, og langt mindre kjenna seg inkludert. Dette fenomenet i språket vert i lingvistikken kalla inferens (Vagle s99 og s156). Når prest 6 brukar ord som «*dodsgiften*» og «*det nye mennesket*» utan å forklara korleis dei heng saman med dåpen som er temaet, vert det stilt førehandskunnskap om luthersk dåpsteologi for å forstå korleis orda fungerer i samanhengen. Når prest 15 seier «*Vi ser Jesus som Guds salvede*» stiller det krav til kunnskap om Bibelens tale om Messias og kva salving er.

Ein slik uttrykksmåte, som hentar omgrep og metaforar frå Bibelen og den kristen tradisjonen og brukar dei på ein måte som gjer at språket kan verta uforståeleg for andre enn dei som er på innsida i miljøet, vert av og til kalla Kanaanspråk. Det var ikkje eit gjennomgåande trekk i nokon av preikene, men det fanst spor av det i fleire og gav desse preg av å vera preika til dei definerte kristne.

5.2.2 Allusjonar og innsiderefersansar

Av og til refererer presten til noko som berre er kjent for ei gruppe, det kallar eg innsiderefersansar. Døme frå preike 13: «*Vi har fått vite at*

Guds folk i Noregs land løfter hodene i frimodighet og tør vise verden hvem Gud er.» Kva dette betyr vart ikkje forklart, men det høyrst ut som ei melding til nokon i ei gruppe der eg ikkje er.

Nokon gonger høyrst det ut som om presten seier ting på spesielle måtar som signaliserer noko meir enn det som vert sagt, at dette er meint for dei som tilhøyrer ei særskild gruppe. Det er allusjonar til noko som presten og ei gruppe i kyrkjelyden kjenner til og som difor både signaliserer fellesskap og gjev presten ein sterkare autoritet ovanfor denne gruppa. Men det vil og fungera som eit signal som kan få dei som ikkje forstår det til å kjenna seg utanfor gruppa av dei det vert talt til.

Dette er det retorikken kallar allusjon som argumentativ figur (Perelman s170 og s177) fordi tolkinga av setninga vert ufullstendig dersom ein ikkje «tar» allusjonen, sjølv om setninga kan forståast utan. Dette i motsetnad til allusjon som rein stilistisk figur som er ei forskjøning av språket.

Tradisjonelt Kanaan-språk fungerer som argumentative allusjonar, det vil seia at presten legitimerar seg ovanfor ei tilhøyrargruppe ved å bruka kjente og innhaldsmetta uttrykk frå Bibelen som denne gruppa set pris på.

Døme frå preike 6: «*For et kristent menneske betyr dåpen at jeg skal leve i en daglig dødning av den viljen som sitter i kropp og sinn til å la være å bry meg mer om Gud.*».

Uttrykket «daglig dødning» vert bruka i staden for tenkelege alternativ som t.d. «kamp mot» eller «fornekting av» eller «undertrykking av» som ville vera lettare forståeleg for folk flest uavhengig av alder og kristeleg bakgrunn. Det tyder at presten føreset det kjent av tilhøyraren. Men i tillegg kan det henda at uttrykket er vald som eit signal om presten sin ståstad til ei gruppe presten vil halda seg inne med. Ordet gjev assosiasjonar til Luthers vesle katekisme og eldre luthersk fromhetstradisjon og salmespråk (Jamsfør Thomas Kingo sin salme «Nå bør ei synden mer» frå 1699 på NoS nr 407 v2).

Døme frå preike 9 som handlar om bryllaupet i Kana: «*Min time er ennå ikke kommet, sier Jesus. Når den timen kommer, blir han overlatt til korsfestelse. Jesus deltar i bryllupsfesten mens*

korset stod skjult mellom løv i det fjerne.»

Ved fyrste øyrekast gjev ikkje den siste setninga særleg mykje meining, med mindre du tilhøyrer dei innvidde og straks høyrer at dette er eit sitat frå ei salme (NoS 334) og dermed forstår at dette er ei poetisk oppsummering av avsnittet på «den gode gamle måten» som den implisitte tilhøyrar likar så godt.

5.2.3 Referansar til bibelkunnskap

Den mest vanlege grensestolpen er referansar til konkret kunnskap om Bibelen og trua som presten føreset at tilhøyraren kjenner til. Når slik kunnskap er naudsynt for å få fullt utbytte av preika, vil det dela tilhøyrargruppa i dei som veit og dei som ikkje veit.

Døme frå preike 13: «*Og da er vi inne på dette forholdet mellom tro og gjerningar som Jakobs brev tar opp så glimrende.*»

Øg fire setningar etterpå: «*Men Jakob viser oss og denne teksten som vi har lest i dag, viser oss at den sanne tro, den gir seg utslag i handling.*»

Her referere altså presten til kunnskap om både kven Jakob er, ved å berre bruka førenamn, til kva Jakobs brev er og til innhaldet i Jakobs brev. Dersom preiketeksten, eller ein annan av tekstane denne sundagen hadde vore frå Jakobs brev, kunne det kanskje vera forståeleg for mange, men når dette er dei einaste referansane til Jakobs brev og til forholdet mellom tru og gjerning vert det eit tydeleg signal om at den implisitte tilhøyraren er svært bibelkyndig, og andre vil ha problem med å henga med i det presten her argumenterar for.

Mange prestar tar det for sjølvsagt at tilhøyrarane deira hugsar bibelforteljingane og at det berre trengs knappe referansar før tilhøyrarane hugsar kva det dreier seg om. Til dømes refererer to av prestane til kvinna Jesus møtte ved ein brønn i Joh 4,1–26. Kvinna vert introdusert med bestemt form som er eit språkleg signal om at dette er kjent for tilhøyraren på førehand, og det vert ikkje gjeve noko meir forklaring enn det som er tatt med i sitata, og eg tar med alt som vert sagt om henne.

Frå preike 3: «*Han skapte uro hos alle den som han avslørte liva for.... Ho som ved brønnen fikk møte sitt eget liv i hans ord: Du har hatt så mange menn.*»

Frå preike 8: «*Drikke av den kilde som gir evig liv. Det var det ho fikk oppleve kvinna som møtte Jesus ved brønnkanten, den samaritanske kvinna ved Sykars brønn, der ho fekk legge fra seg det gamle livet og begynne på nytt. Som kanskje for første gang i sitt liv vart sett med virkelig kjærlighet, som vart gjennomskua, men likevel ikke fordømt, og så oppdagat at Jesus kunne gi ho det som ho innerst inne lengta etter.*»

Retorisk sett fungerer introduksjonen av kvinna i bae tilfelle som eit «eksempel», det vil seia ei forteljing henta frå felles kunnskap, og som fordi det allereide er kjent av tilhøyraren forklarar og underbygger presten sin påstand. Desse prestane talar altså med dei tilhøyrarane som kjenner denne bibelforteljinga godt nok til å vita kva som skjedde mellom Jesus og kvinna, for det fortel ikkje prestane noko om.

Dei prestane som veit at dei talar til folk som ikkje er så godt inni bibelforteljingane, kan også bruka bibelforteljingar for å underbyggja ein påstand. Men dei gjenfortel då det viktigaste av bibelforteljinga slik at det ikkje vert berre ein referanse, og retorisk fungerer det då som ei illustrasjonsforteljing. Til dømes brukar prest 13 leseteksten frå 2 Kong 5 om syraren Na'aman som vert lækt av Elisja, og prafraserar det viktigaste av forteljinga slik at samanhenget mellom forteljinga og det som skal illustrerast eller underbyggjast vert klart også for den som ikkje kjenner forteljinga frå før. Dermed vert fleire inkludert og gruppa av implisitte tilhøyrarar vert større.

5.3 Utgangspunktet for argumentasjonen

Eit anna viktige signal om kven den implisitte tilhøyrar er, er startpunktet for argumentasjonen (Foss s126). Det er det som prest og tilhøyrar er samde om og som presten difor ikkje treng å argumentera for, det er dei felles premisser som ligg under argumenta.

Døme frå preike 12: «*Ja, men er eg noko då?*» *vil du seia. Ja, sanneleg er du det. Du er jo verdifull i Guds augo. Han har skapt deg og det er ikkje lite. Men han har også ofra sin eigen Son for at du skal høyra han til og bli berga til evig liv og til teneste, og det er gjerne enno større.*»

Presten brukar eit retorisk spørsmål for å tiltala ein einskild tilhøyrar eller ei gruppe av til-

høyrarar som kan identifisera seg med spørsmålet «*Ja, men er eg noko då?*». På den måten vert det tilhøyraren sjølv som avgjer om han eller ho er dette «du» som presten snakkar til her, som er i tvil om han eller ho «er noko».

Presten talar direkte til ein tilhøyrar som trur at Gud ikkje bryr seg om han eller henne og argumenterar for at det ikkje er slik. Fyrst kjem påstanden: «*Du er verdifull i Guds augo.*» og så kjem to argument: «*Han har skapt deg*», underforstått; då må han jo bry seg om deg. Så kjem det andre argumentet som presten meiner er det sterkaste: «*Han har ofra sin eigen Son for at du skal høyra han til og bli berga til liv og teneste*», underforstått; Gud gjer ein stor innsats for å berga deg, og då må han jo bry seg om deg. Men under desse to argumenta ligg det to premisser som heile argumentasjonen byggjer på.

Dei treng ikkje argumenterast for fordi presten og den tilhøyraren som her vert tiltalt er samde om dei: «Gud finst og er skaparen.» og «Jesus Kristus er Guds Son som døydde for å frelsa menneska.» Difor kan me slutta at tilhøyraren alt trur på den kristne læra, men har problem med å tru at det gjeld han eller henne sjølv. Me kan kalla den implisitte tilhøyraren for ein anfekta kristen.

6. Presten seier me – men kven er det?

«Ved inkluderende vi taler senderen også på vegne av mottakeren, og du – som mottaker – kan spørre deg selv om du vil inkluderes i «senderens gruppe» (Svennevig s181)

6.1. Ekskluderande personleg pronomen

Alle prestane bruka 1. person fleirtal mest og snakka om «me» eller «vi» og «oss». Dette tolkar eg som eit ynskje om å signalisera identifikasjon mellom presten og tilhøyrarane i og å inkludera. Men i mange tilfelle når presten seier «me» eller «vi» sender det så sterke signal om kven eg som tilhøyrar er og kva eg meiner og trur, at eg må velja om eg er med i denne «me/vi»-gruppa eller om presten preiker til nokon andre.

For ein tilhøyrar som ikkje ut frå konvensjon eller tilknytninga til kyrkja automatisk identifiserer seg med gruppa til presten vil bruken av «me/vi» fortelja noko om grensene for gruppa,

dermed kan «me/vi» som er tenkt inkluderande faktisk fungera ekskluderande.

Når ein talar brukar «me/vi» vil tilhøyraren plassera talaren i denne gruppa, men treng ikkje plassera seg sjølv der. For «me/vi» treng ikkje inkludera andre, det kan inkludera berre talaren. Dersom ein prest seier «me i kyrkja» er det avhengig av tilhøyrarane om det er inkluderande eller ikkje. Er det sagt til ei forsamling som ikkje identifiserar seg med kyrkja, t.d. ei bedehusforsamling, er det ikkje inkluderande men tvert imot ei markering av skilnad og avstand. Difor er det viktig å finna ut kva bruken av 1. person fleirtal signaliserer.

6.2. Mange ulike «me/vi» -grupper

I materialet finn eg at «me/vi» er bruka på fleire ulike måtar som tiltale til både vide og snevre tilhøyrargrupper.

6.2.1. «Me/vi» er av og til alle

Den vidaste gruppa er når det er mest ein uttrykksmåte der ordet kunne sløyfast. Døme frå preike 7: «*Hans (Johannes døyparen) fremtoning var nærmest det vi vil kalle original, kledd som han var i kappe av kamelhår og et lærbelte om livet.*» Her er «vi» alle språkbrukarar i vår tid og ikkje ei særskild gruppe, ordet kunne bytast ut med «som kan kallast», meininga treng ikkje eit vi-subjekt.

Så vert «me/vi» bruka inkluderande om alle som er tilstades og har opplevd det same i løpet av gudsteneste: «*me høyrdet lese*», utan noko å karakterisera vi-gruppa.

6.2.2. «Me/vi» om lærefelleskapet

Dette er me vant til frå skule og lærebøker og er meir ein del av ein språkleg sjanger. Læraren kan seia: «No skal me læra gangetabellen.» enno det er opplagt at det berre er elevane som treng å læra han. «me/vi» går på lærefelleskapet der deltakarane har ulike roller, men er felles om læreprosessen. Dette er ein vanleg uttrykksmåte for prestar: Døme frå preike 12: «*Om me skal ta litt arbeid i lag og prøva å finna ut: Kva er det då det som er kristen tru? Og så kan me godt la denne kongelege embetsmannen hjelpe oss litt.*» Døme frå preike 2: «*Og vi må si litt om Jesajaboken og dens oppbygning.*» Det er tydeleg

at det berre er presten som talar, (og det er nok heller ikkje så mange andre som kjenner at dei må seia noko om Jesajaboka,) likevel føler presten at «vi» er naturleg fordi det som skjer på dette punktet i preika er ein læreprosess og «vi» uttrykker lærefellesskapet. Dermed går presten inn i ei lærarrolle med lærarautoritet, og plasserer tilhøyraren i elev/student-rolla.

6.2.3. Presten som ei gruppe for seg

I forlenginga av dette kan «me/vi» brukast av læraren som ein representant for kunnskapen: (preike 2:) «*Fra kapittel førti finner vi det vi kaller den annen Jesaja.*» «Vi som kaller» er her den teologiske forskning eller kyrkjelæra, og presten er som lærar i lærefellesskapet ein representant for kunnskapen og forskinga, og ved å bruka «me/vi» viser presten sin autoritet som kompetent fagperson.

Dette er ein ekskluderande bruk på den måten at presten meiner seg sjølv og ikkje inkluderar tilhøyraren. Dette finn ein og når presten talar på vegne av kyrkja/staben.

Døme frå preike 6: «*..så må det beklages at vi har hatt litt problemer med teleslyngen i det siste..*» Døme frå preike 3: «*Vi har i kirka noen uker som vi kaller åpenbaringstida no.*»

I preike 9 seier presten: «*Vi som er avholdfolk, vi pleier å seia: Me veit at det står der, men me likar det ikkje.*» Tilhøyraren kan godt også vera avholdsperson, men presten signaliserar at «me/vi» her ikkje er tenkt å inkludera, men å markera ei eksisterande gruppe.

6.2.4. Presten skildrar tilhøyraren gjennom «me/vi»-utsegner

«Me/vi» kan også brukast for å fortelja noko om tilhøyraren som medlem i «me/vi»-gruppa. Den vidaste bruken er «me/vi» bruka om menneska sine vilkår sett i lys av i den kristen livstolkninga.

Døme frå preike 15: «*For nå er det en gang slik at vi mennesker, vi har helst lyst til å klare oss på egenhånd.... ..Først når vi står på grensen for det vi sjøl kan makte, da innser vi kanskje litt motstrebende at vi trenger Gud som har all makt.*»

Her er tilhøyrarane og presten inkludert saman med alle menneske og det er sagt noko klart og tydeleg om kven tilhøyraren er, men det

er på eit generelt plan og difor med distanse til tilhøyraren og ikkje spesielt for å inkludera. Det gjeld tilhøyraren fordi tilhøyraren og er eit menneske. Det kan jo tenkast at denne tolkinga av livet er så ulik tilhøyraren si tolking at det ekskluderar, men då ut frå innhald.

Så er det ein glidande overgang til den bruken av «me/vi» som seier noko spesifikt om tilhøyraren og der det er meint at tilhøyraren skal identifisera seg det «me/vi» som vert presentert.

Her tolkar presten tilhøyraren sine kjensler og reaksjonsmønster. Døme frå preike 15: «*Når skolemedisinen må melde pass, da stopper vi opp, vi leter, vi prøver oss fram, og vi forstår den kongelige embetsmannen så inderlig godt: Herre, kom ned til Kapernaum før mitt barn dør.*» Her er grunnlaget for identifikasjon kjennskap til kjensla av fortvilning eller empati med den som er sjuk.

Presten kan bruka «me/vi» i direktiv, som ei direkte utfordring til tilhøyraren om å gjera noko.

Døme frå preike 15: «*For det er ikkje til å komme fra at den gryende tro, den er et sjansespill. Vi må tørre, vi må være villig til å gi avkall på, vi må være villig til å satse vår anseelse, vi må ta sjansen på å gå til Jesus. Sjøl om vi vet at vi kan ikkje slå oss for brystet og si at: Se her er eg, eg er så mektig, eg er så flink. Nei, når vi går til Jesus akkurat slik vi er, med alle våre feil og mangler, går vi til Jesus slik, da er troen på rett veg.*»

Her er det og meint at tilhøyraren skal identifisera seg, men no er grunnlaget for identifikasjon at ein gjennom preika har identifisert seg med «me/vi»-gruppa og ser på seg sjølv som på den måten presten skildrar det, som ein med feil og mangler og at ein gjev presten rett i at det er så viktig at ein vil satsa så sterkt.

Døme frå preike 6: «*Dopt til all vår synd og skam, til alle våre nederlag.*» Her gjeld det same sjølv om det er eigedomspronomen som er bruka.

Til ei utsegn som dette må tilhøyraren seia: «Ja, eg har synd og nederlag og er med i «me/vi»-gruppa» eller «Nei dette er ikkje meg, men det er kanskje eit vitnesbyrd om sjølvopplevinga til presten.»

Så finst det «me/vi»-utsegn som klart karak-

teriserer gruppa kristeleg og dermed innsnev-
rar gruppa til dei som er kristeleg aktive:

Døme frå preike 15: «Og når vi vet dette, så er det viktig for oss som bor her i NN menighet at vi legger så mye som mulig til rette slik at troen, den får de rette vekstvilkår.»

Døme frå preike 2: «Her finner vi noen av de mest kjente Jesajatekstene våre som snakker om Herrens lidende tjener...»

«Gullet er representert ved våre takkoffer som vi gir hver søndag i kirken...»

Det er nokså vanleg at prestar i løpet av preika glir over frå ein allmenn «me/vi»-bruk til ein kristeleg karakteriserande bruk. Dette kan vera ein måte å inkludera på ut frå tanken at fyrst sørgjer ein for at flest mogeleg kan kjenna seg med i «me/vi»-gruppa og så etterpå tilskriva dei eit trusstandpunkt eller ein kristen praksis slik at når dei seier ja til det fyrste så seier dei også ja til det andre.

Då er min påstand at ein set opp grenser for «me/vi»-gruppa som like gjerne ekskluderar som inkluderar. Når tilhøyraren identifiserar seg og kan seia ja til presten si skildring av «me/vi»-gruppa er ein innanfor. Dersom ein ikkje kan identifisera seg og er tvungen til å seia nei, så er ein automatisk utanfor og opplever at ein overhøyrer ein samtale presten har med sine eigne.

III. Kven preikar så presten eigentleg til?

Eg har delt dei tolv preikene inn i fire grupper alt etter kven eg meiner dei preiker til. Men eg vil understreka at eg ikkje kan seia noko om presten talte til sine faktiske tilhøyrarar eller ikkje, det har eg ikkje undersøkt. Eg kan berre seia noko om kva bilete av tilhøyraren presten teikna gjennom preika.

7. Presten preiker til sin tvilling

Tre av prestane preika slik at eg måtte konkludera med at dei snakka til sin eigen tvilling, det vil seia at den implisitte tilhøyrar i dei to preikene var forventa å måtte tenka presten sine tankar.

7.1. – på grunn av presteproblemstilling

Kva var det så som gjorde at dei avgrensa tilhøyrargruppa si slik? Den fyrste av dei tre, prest 2,

gjorde det ved temavalet. Preika er utforma for å løysa eit bestemt problem, nemleg korleis få preiketeksten, som er ein tilleggstekst, til å seia noko om det som i følge både den vanlege preiketeksten og kyrkjeåret er temaet. Samstundes vil ikkje presten hoppa bukk over de oppsette preiketeksten frå GT. Difor vert løysinga å leggja opp til å bruka tekstutlegging saman med eit bibelteologisk ekskurs om Tritojesaja til å avdekka eit felles tema slik at presten med godt samvit kan hoppa over på den gamle preiketeksten om dei tre vise menn i siste del av preika så dei får levera det oppbyggelege poenget for sundagen.

Og dersom me så spør: Kven i all vera kan vera interessert i eit så spesielt problem som denne konflikten mellom kyrkjeår og preiketext? Så vert svaret: ein prest eller prestens åndelege tvilling.

Det er heller ingen illustrasjonar eller eksempel for å tydeleggjera poeng i denne preika, noko som tyder på at den implisitte tilhøyraren oppfattar ting likt som presten og ikkje treng å få det forklart, berre utlagt.

Her vil eg igjen ta høgde for at presten kjende sine tilhøyrarar, inkludert dåpsfølget, så godt at presten visste at dette var noko som interesserte tilhøyrarane, at prestens problemstilling var deira problemstilling. Så eg seier ikkje at presten bomma, men at den implisitte tilhøyrar tilhøyrde ein nokså eksklusiv liten tvillingflokk.

7.2. – på grunn av vanskeleg språkføring

Prest nummer tre snakkar og til sin tvilling, men av ein annan grunn. For denne presten har tydeleg vald eit allment og ikkje eit teologisk tema og snakkar om forventningar og håp. Presten brukar heller ikkje vanskelege ord. Likevel er min konklusjon at denne presten talar til seg sjølv, fordi at det vert snakka på ein måte som gjer at tilhøyraren nesten må kjenna tankane til presten for å finna samanhengen i preika.

Frå preike 3: «Forventningar. Håp. Folket hadde levd i dem lenge og sterkt. Befrielse. Fred. Om at Gud måtte vise seg, bekrefte hvem han er.» (Presten har sjølv ved hjelp av pausar markert dette som eit avsnitt i preika og punktum er

bruka av meg for å markera mindre pausar.)

Kanskje er det klart for presten kor dei lausrivne substantiva høyrer heime, men det stiller store krav til at ein tilhøyrar må ha same forståingsskjema som presten. Stilen er knapp. Her manglar mange grammatikalske ledd og ord som må til for å gje ein klar samanheng, og for å gje hint om kva dei lausrivne substantiva høyrer saman med, og koblinga mellom setningane er ofte underforstått.

Presten brukar og i stor grad «dem» som eit pronomen som referer til noko, men der substantivet det vert referert til ikkje er klart, eller dei forklarande orda kjem etterpå slik at det stiller krav til lyttaren om å ha heile samanhengen i hovudet. Nokre stader skifter presten det refererende innhald i ordet «dem» utan å introdusera det slik at det fyrst går eit par setningar før tilhøyraren oppdagar at «dem» som i eit avsnitt viste tilbake på folket, i neste avsnitt truleg viser tilbake på spørsmåla.

Frå preike 3: «*Dem er like mykje mennesker av si tid som vi er det, og ber med seg myke av det som vi ber med oss; glede, takknemlighet, livsdrømmer, undringar, spørsmåla, tru, tvil, håp.* (Pause som markerer nytt avsnitt)

Noen dager så kjem dem oss så mykje nærmar enn andre dagar. Hvem er vi? Hvem er Gud? Hvem er han som vår tru, vår historie, vår kultur er knytta så sterkt til? Hva er det han ber med seg, som gjer noko med oss? (Pause)»

Her tatt med det av samanhengen som er naudsynt for å gje mening, men det er tydeleg at det innhaldet i dei understreka er usikkert. Fyrst synes det som om «dem» refererer til folket, men for å henga saman med dei komande setningane er det mest rimeleg at det viser til substantivet «spørsmåla» som er eit ord av 8 som vert ramsa opp etter kvarandre og umogeleg å gjetta når ein høyrer setninga.

Pronomen som «dem» eller «»han» eller andre ord som refererer til ord i teksten eller til forhold utanfor teksten som gjev dei samanheng og mening, vert kalla tekstreferansar (Vagle s148). I denne preika er tekstreferansar av og til uklare, og reint lingvistisk er dette ein vanskeleg tekst, med krevjande inferenskoblingar som stiller store krav til tilhøyraren si evne til å trekka slutningar. Denne evna er

avhengig av kjennskapen både til den som kjem med budskapet og til det saksområdet det dreier seg om. Særleg dette stiltrekket at ein ofte får hint om kva som er meint fyrst i setningane etterpå det er sagt gjer denne preika vanskeleg å lytta til. Det er og ein vanskeleg tekst å lesa fordi han krev av meg at eg går litt fram og tilbake for å finna samhengane, noko som er umogeleg for ein som berre høyrer.

Konklusjonen vert at denne presten snakkar til ein tilhøyrar som forstår referansane og kva presten tenker på, og den næraste er ein som er heilt lik presten, prestens tvilling. Men tilhøyraren kan og vera ein kyrkjelyd som har vent seg til presten sin måte å ordlegga seg på.

Ingen av desse to fyrste prestane brukar 1. person eintal «eg/jeg», det er berre bruka 1. person fleirtal «me/vi», og prestane drar ikkje noko skilje mellom seg sjølv og den impliserte tilhøyrargruppa. Og min konklusjon er at det er fordi dei går ut frå at tilhøyraren er lik dei sjølv.

7.3. – på grunn av teologisk språk

Den tredje preika, nummer 7, har eit språk i største delen av preika som ligg nær ein teologisk forelesing eller ein populærteologisk kommentar. Eit særtrekk er påfallande lite bruk av personleg pronomen, og dei som er bruka, er stort sett om læreprosessen bortsett frå i sluttappellen der du og ditt er bruka ni gonger i fem setningar. Preika er stort sett detaljert tekstutlegging:

Frå preike 7: «*I vers femten står det at Jesus lar seg dope for å oppfylle all rettferdighet. Dikaiosyne lik rettferdighet, er et hovudord hos Matteus.*»

Som ein kuriositet, for å visa kor nært denne språkbruken ligg ein populærkommentar, kan nemnast at Hans Kvalbein har uttrykte seg på nesten nøyaktig same måte i sin Matteuskommentar i serien Bibelverket. Og ei preike som i større parti lar seg forveksla med ein kommentar inkluderar nok berre ein liten tilhøyrarflokk

8. Presten preikar til gruppa av dei definerte kristne

Det typiske for desse fire preikene er bruken av «me/vi» som er kristeleg definert. Den vanlegaste forma er tekstutlegging der presten står fram som ein lærar, og der større eller mindre

bibelkunnskap er føreset. Vekta ligg på å konstatera det Bibelen seier og det «me/vi» trur, og ei utfordring til å handla etter det. Eg tar med dei mest openberre trekka som fortel kven den implisitte tilhøyrar til desse preikene er.

Prest 6 forklarar kva Jesu dåp betyr for oss kristne, men enkelt med lettfattelige illustrasjonar som passar for ei open tilhøyrargruppe. Men på slutten vert tilhøyraren snevrare definert som eit kristeleg menneske som forstår uttrykk som «daglig døding», og presten reknar med at tilhøyraren får utbytte av å høyra 4 innhaldsmetta salmevers om dåpen av Børre Knudsen som avslutning av preika

Prest 9 seier: «Kristne blir av og til beskyldt for å være triste og kjedelige. Men vi skal få lov til å glede oss over livet.» Denne presten brukar ein definisjon av «kristne» som ei særleg gruppe og definerar seg sjølv og tilhøyrarane inn i denne gruppa.

Prest 8 rettar preika mot tilhøyrarar som treng oppmuntring til kristen praksis. Det er kanskje tenkt på ei vid gruppe, men presten føreset ein del bibelkunnskap hjå tilhøyraren. Avslutningsappellen er prega av ein typisk kristeleg metafor som nok ikkje kommuniserer med dei som ikkje alt kjenner kodane, og han er litt uheldig utforma dersom nokon tar det bokstaveleg: Frå preike 8: «Vi inviteres i dag til å drikke av kjelda med det levande vatnet, ved døpefonten, ved nattverdbordet når vi har nattverd, når vi hører ordet om Jesus, når vi kjem til han med våre sukk og våre bønner, eller i stillhet.»

Prest 15 startar med konstateringa: «Ja, det er godt å kunne gå til Jesus når det er noe vi ikkje klarer», og gjer seg dermed til talsperson for ei gruppe som kan seia dette. Denne presten definerar «vi» som klart definerte kristne, jamfør 6.5.

9. Presten preikar til dei som er utanfor gruppa

Prest 12, 13 og 18 går ikkje ut frå at heile tilhøyrargruppa har ein kristen identitet på same måte som presten og difor ikkje automatisk tilhøyrer «me/vi»-gruppa. Dei vender seg i deler av preika til personar som sjølv vil definera seg som annleis enn presten, og presten nyttar då ikkje «me/vi», men heller eg/jeg og du/man.

Dei går inn i ein dialog med denne tilhøyraren i staden for å inkludera med «me/vi»..

Prest 12 talar til ein anfekta innanfor ein kristen samanheng og oppmuntrar til truspraksis. Presten brukar eksempel frå kristeleg erfaring, men utfordringa til tilhøyraren går på å ta Gud på alvor og oppdaga kva tru er. Jamfør sitatet frå preike 12 ovanfor i 5.3.

Prest 13 startar preika med å gå i dialog med og gje rom for dei som finn det vanskeleg å tru på under. Frå preike 13: «Ja, vi er i denne teksten da vitne til et under eller rettere sagt, vi blir fortalt at så hendte en gang for så og så mange Herrens år siden. Jeg vet ikke hvordan det er med hver og en av dere, men det kan jo være at noen synes dette er vanskelig å tro.»

På slutten av denne preika er det tydeleg at prest 13 vender seg til dei definerte kristne med stor bibelkunnskap, jamfør sitatet om Jakob i kapittel 5.2.

Prest 18 talar og til ei blanda gruppe, men ordlegg seg slik at det ikkje vert stilt krav til særleg bibelkunnskap. Denne presten brukar gjenforteljing frå læresveinane sitt perspektiv og funderingar om korleis ulike aviser hadde skrive om Jesus, for å forklara teksten. Denne presten talar til ei vid gruppe tilhøyrarar, og har på slutten, noko å seia til den som er skeptisk og ikkje trur.

Frå preike 18: «Den skeptiske siden vil det nok være der hos mange. Og man kanskje tenker slik: «Jeg vet ikke hva som skjedde. Er Jesus egentlig noe for meg, når jeg ikke er med i dette faste følget rundt ham.» Jeg tror bibelteksten har en adresse både til mennesker med en annen tro og en annen kultur og til alle. Jesus fra Nasaret, Guds Sønn, kom for alle menneskers skyld, enten de var norske eller de var russere eller hva det skal være. Han ser hvert menneske og hvert folks situasjon. Han hører våre rop og forstår alles skepsis for hele sin jord. Veien til svar for den som kjemper med noe som er vanskelig eller med en skepsis, er ikke først og fremst å tilpasse seg andres former, men å lytte til disse bibeltekstene som vi har bevart og fått overlevert, og rope som kvinnen gjorde: «Herre, du Davids sønn miskunn deg over meg.»

Her ser me at det ikkje vert føreset noko felles trusgrunnlag, og at argumentasjonen difor får form av eit vitnesbyrd frå presten, og det kvi-

ler dermed på presten sitt truverde eller ethos i tillegg til det som er sagt tidlegare i preika. Det vert ikkje argumentert for tilslutning til ein trussetning, men til å lytta sjølv til Bibelen og å ta den kanaaneiske, kvinna som tidlegare i preika vart definert som utanfor det gode selskap, som føredøme og ropa til Jesus.

Den implisitte tilhøyraren er altså ei open gruppe som eigentleg ikkje treng ha noko til felles anna enn at ein kjenner seg igjen i presten si skildring av skepsis og omtalen: «den som kjemper med noe som er vanskelig eller med en skepsis».

9.1. Inkluderande bruk av «du»/«man»

Eg meiner at denne bruken av «du»/«man» ofte er meir inkluderande enn «me/vi», fordi den tiltalte utanfor presten si «me/vi»-gruppe vert tatt på alvor i det å vera i ein annan posisjon. Når presten seier «du» kan tilhøyraren velja om han/ho vil føla seg inkludert i denne undergruppa, og vert dermed gjeven fridom på ein anna måte enn når presten berre omtalar alle og konstaterer: «me er slik eller slik». Dessutan går det an for dei andre å sitta i ei forsamling der ein identifiserer seg med «me/vi»-gruppa og høyra på at presten i deler av preika tiltalar ei undergruppe direkte med «du» og ikkje preikar til heile gruppa, utan å føla seg ekskludert.

9.2. Prestens ethos eller rolle

I tillegg kan slik direkte tiltale vera med å bygga prestens ethos ved å vera eit signal til den gruppa som identifiserer seg med presten om at presten er ein evangelist eller ein omsorgsfull prest som snakkar til dei uomvendte eller dei som har det vanskeleg. Dermed kan presten ved å ta på seg ei slik rolle legitimera seg ovanfor og forsterka si tilknytning til slike grupper (Wright). Dette vil vera «å tala for galleriet». I nokre miljø vil det vera vanleg at ein prest eller predikant tiltalar «dei utanfor» anten dei er der eller ikkje. Eg kan ikkje seia noko om det var tilfelle her.

10. Presten preikar til dåpsfølget

Av dei 12 analyserte preikene var 10 med dåp. Fleire av desse nemner dåpen i preika, men

preike 14 og 17 vert dåpsfamilien tiltalt direkte, og desse to preikene har mange fellestrekk. Både desse preikene er prega av at eksempel er tatt frå familielivet og at innhaldet i bibelteksten ikkje vert utlagt, men gjev eit tema der dei bibelske omgrepa vert omsett til meir daglegdagse ord og at det er ei direkte utfordring til kristen praksis.

10.1. Direkte tiltale

I både preikene vender presten seg direkte til dåpsforeldra: Frå preike 14: «Og han begynte allerede i dåpen, sånn som det i dag skal begynne for vesle Ingrid.» Frå Preike 17: «Og de som sit her i dag og som skal bera eit lite barn til dåpen, de veit at de har mange drømmer for det vesle barnet.»

10.2. Eksempel frå kvardagslivet

Prestane illustrerar med døme frå sitt eige familieliv, men gjer det med vekt på det allmenne på ein slik måte at vekta ligg på at dette kan henda i ein kvar familie, for at flest mogeleg skal kjenna seg att. Det er altså ikkje historier om prestefamilien i og for seg, men illustrasjonar som viser at presten kjenner kvardagen.

Prest 17 viser ved ei eksempelforteljing korleis vondskapen er ein del av den felles kvardagsferinga: «Me kjenner jo saktens til at det vonde bur i vår kvardag og, Me kan berre bli opp i avisa, me kan berre sjå oss rundt og høyre på nyhetene, eller me kan sitte ved middagsbordet heime og så får på ein måte plutsleg vonde ord taket på heile greia og tar styringa.»

Prest 14 brukar forteljinga frå kvardagen som ei analogiforteljing som seinare vert bruka for å omsetja eit poeng i teksten til dagens tema: «Og jeg tipper at vi feirer det på nogenlunde samme måte som de som sitter her i kirka. Og høypunktet, det er julegaver og gaveutdelingen. Og da er det sånn hjemme hos oss at ungene de løper opp på soverommet, der de vet at gavene ligger.....Jeg tipper dere kjenner dere igjen der. Og hvorfor gir vi hverandre gaver?»

Både to brukar i.p.sg. eg/jeg meir enn gjennomsnittet. På denne måten vert presten tydeleg som person, og ikkje berre som del av den store «me/vi»-gruppa. Det gjev og preikene meir preg av dialog.

10.3. Omsetjing av bibelteksten til eit tema

I preike 17 der teksten er frå Lukas 11, 14–28 om Jesu makt over dei vonde åndene, går presten ikkje inn på teksten, men definerar straks temaet som «det vonde». I preike 14 der teksten er frå Romarane 10,13–17 tar presten opp vers 13 og omset det til noko som tilhøyraren lettare vil forstå: *«Hver den som påkaller Herrens navn skal bli frelst, sier Paulus. Å påkalle Herrens navn, det kan være så enkelt som å be til han i takk.»* og lenger ute i preika: *«Og i stedet for at jeg må lese spørsmålene (til Paulus) igjen, vil jeg omskrive det litt, sånn at det blir litt enklere å forstå.»*

Dette viser at prestane oppfattar at tekstens ordlyd ikkje kommuniserer med den tilhøyrargruppa dei prøver å nå, og at den implisitte tilhøyrar tilhøyrer ei gruppe der ein ikkje treng å vera så vant med Bibelen. Slik tenker mange prestar seg at dåpsfamilien er.

Desse prestane går i dialog med dåpsforeldra ved å tala dei direkte, ved å finna historier i sitt eige liv som kan korrespondere med dåpsfamiliane sin kvardag og ved å ta omsyn til dåpsforeldra si antatt låge bibelkunnskapsnivå, men tilskriver dei og eit ynskje om kristen praksis som til dømes bøn eller dåpsopplæring. Preikene har ein implisitt tilhøyrar som mange dåpsforeldre nok kan identifisera seg med, dermed er sjansen for at dei skal kjenna seg inkludert større, og dermed er det større sjanse for at dei vil lytta til bodskapen.

11. Presten preikar ulikt i bygd og by

Det var ikkje nokon skilnad på kjønn på presten, eller landsdel, men det var ein tendens til at landbygd-preikene hadde fleire referansar til lokalmiljøet.

Det var ein tydeleg skilnad på by og land i desse tolv preikene. De fem siste preikene, som der den implisitte tilhøyrar ikkje måtte tilhøyra kyrkjelydskjernen, var alle frå kyrkjer på landsbygda. I dei to fyrste gruppene, som talte til ei liten gruppe (prestens tvilling) og ein litt vidare gruppe definerte kristne i kjernekyrkjelyd var alle utanom ei i den fyrste gruppa frå ein drabantby.

Kva det kjem av kan eg ikkje seia ut frå denne undersøkinga, men eg kan antyda nokre moglege svar. Det kan tyda at presten på landsbygda

har så oversikt over dei som kjem at presten kan tala direkte til grupper som er i kyrkja om deira behov, medan drabantbykyrkjelydane er for store for det. Det kan og tyda at det i små kyrkjelydar er større opning for eller tradisjon for ei preike som tiltalar direkte, enn i byane. Det kan og tyda at det er skilnad på kva type tilhøyrarar det er på gudstenester på landsbygda og i drabantbyar. Kyrkjehuset kan ha ein slik tradisjonsbunden posisjon i bygda at fleire typar kyrkjemedlemer, både med sterk og svak trusidentitet kan gå i kyrkja der, medan i ei drabantby der dei fleste har eit svakare forhold til lokalmiljøet er det helst dei definerte kristne som går til kyrkje.

12. Konklusjon

Det kan sjølsagt ikkje seiast noko generelt om kven norske prestar preiker til ut frå dette materialet, men eg meiner å ha funne ut noko om kva som signaliserer kven presten ynskjer å preika til. Det er val av tema, underforståtte krav til kunnskap om Bibelen og kristeleg omgrep og defineringa av «me/vi»-gruppa. Bruken av me eller vi kan ofte fungera ekskluderande sjølv om det er tenkt inkluderande.

Av desse tolv preikene var den implisitte tilhøyrar i tre av dei ei svært snever gruppe nokså lik presten sjølv. I fire preiker var den implisitte tilhøyrar definert som praktiserande kristen med god kjennskap til bibelforteljingar og kristne forestillingar altså det ein vil kalla kyrkjelydskjernen, og preika hadde form av opplæring av kyrkjelyden. I fem preiker vart det delvis preika til ein tilhøyrarar som ikkje tilhørde den same gruppa som presten, i tre av dei kunne tilhøyraren vera ein som sjølv definerte seg ut av den kristne gruppa, i dei to siste var det preika til dåpsfølget.

Denne undersøkinga har vist at i desse tolv norske høgmessepreikene reknar presten som oftast med at tilhøyraren er ein person med ein del kristen kunnskap og med kjennskap til kristen språkbruk, som er inkludert i presten si «me/vi»-gruppe og kan karakteriserast som kristen. Når personar som er utanfor denne gruppa vart tiltalt, skjedde det berre i kyrkjelydar på landsbygda.

Mi von er at denne undersøkinga kan ha

peika på nokre av dei elementa som kan få folk til å føla seg ekskluderte frå tilhøyrargruppa, slik at prestar kan bli meir merksame på kva som skjer når me preiker. For evangeliet er ein alt for god bodskap til at nokon skal tru at det berre er talt til «dei andre».

Litteraturliste

- Foss, Sonja K; K.A. Foss; R.Trapp: « Contemporary perspectiveness on rhetoric », Second edition, Wave-land press. Illinois, 1981
- Hedmann, Frida: «Adressaten för finnlandsvensk pres år 1979» side 89–113 i «Kommunion och kommunikation – teologiske studier tilagnade Helge Nyman och Åke Sansholm», Åbo 1980
- Josuttis, Manfred: «Rhetorik und Theologie in der Prediktarbeit», Chr.Kaiser, München 1985
- Ong, Walter: «The readers audience is always a fiction» side 53–81 i «Interfaces of the word: studies in the evolution of consciousness and culture», Cornell University Press, Ithaca, N.Y., 1977
- Ong, Walter: «Orality and Literacy. The technologizing of the Word», London-New York 1982 – nytrykk 1988 (finst i svensk omsetjing: Ong, Walter: Muntlig och skriftlig kultur. Teknologiseringen av ordet; Anthropos, Göteborg 1990)
- Perelman, Chaim and L.Olbrechts-Tyteca: «The New Rhetoric, A Treatise on Argumentation», University of Notre Dame Press, Indiana, andre opplag 1971
- Skjæveland, Olav: «Det skapende ordet. En prekenlære», Universitetsforlaget, Oslo 1995
- Svennevig, Jan, M.Sandvik, W.Vagle: «Tilnærminger til tekst, Modeller for språklig tekstanalyse», LNU/Cappelen, Oslo 1995
- Søderstrøm, Ingemar: «Predikans nycklar, en studie av predikoreception», Uppsala universitet, Uppsala 1996
- Vagle, Wenche, M.Sandvik, J.Svennevig: Tekst og konteksts, en innføring i tekstlingvistikk og pragmatikk, Cappelen, Oslo 1993

- Valnes, Birgitta L.: «Preken søker tilhører.» oppgave til PHU-kurs Presteforeningen, 2000
- Wentzel, Knud: «Tekstens metode. Et synspunkt på litterære og praktiske tekster», Gyldendal, København 1981
- Wright, Chris: «Preaching to the converted: conversi-onlanguage and the constitution of the TV evangelical community» i «The sosiological review» vol.37:4 1989 side 733–760. University of Keele, London 1989

Noter

- 1 Finnen Frida Hedman undersøkte i 1979 den tiltalte adressaten i finnlandsvenske avispreiker i Kyrkpressen. Han har tatt for seg direkte utsagn til lesaren eller om noko hjå lesaren, og konkluderar: «*de fleste hänvisningar gjordes till mottagarnas religiösa frågor*» og at «*pres oftare adresserar den individuella mottagarens känslor, attityder och betendenen än vår gemensamma situation i församlingen, samhället och världen.*» (Hedman s111)

Ingemar Søderstrøm har i sin doktoravhandling skrive om forholdet mellom presten sin intensjon og tilhøyrarens resepsjon. Han brukar bl.a. retorikk som analyseverktøy. Han seier kort noko om kva bilete dei 4 preikene han undersøker teiknar av «den implicerede lysnaren». (Søderstrøm s 73)

